



22102010

Regional plan INNSPEL

til pågåande planprosess
frå kommunane

Bygland, Valle og Bykle i Setesdal

Plankontoret Hallvard Homme AS

2361

Føreord

Kommunane Bygland, Valle og Bykle har motteke invitasjon til frå sekretariatet for heieplanen til å kome med innspel til planprosessen.

Dei same kommunane har gått saman om eit felles engasjement i ein lokal planprosess og har gjennom opne folkemøte og gode mobiliseringar arbeidd fram innspel som skal vurderast og vedtakast av kommunestyra i kommunane.

Innspelsrapporten er komen i stand ved at det har vore nedsett administrativ arbeidsgruppe (rådmennene med støtte frå resp. administrasjonar) og ei styringsgruppe (ordførarane). Det er halde folkemøte og invitert til innspel frå alle busette, organisasjonar og lag.

Plankontoret Hallvard Homme AS har vore engasjert til å samordne innspel og rapportere desse til eit sluttdokument. Ragnhild Bjåen, Ole Marius Gulbrandsen og Hallvard Homme har vore medforfattarar.

I arbeidsmøta og folkemøta har Michaela Vasstrøm, stipendiat ved Universitet i København, delteke som observatør.

Valle den 22. okt. 2010

Samandrag

Kommunestyra i Bygland, Valle og Bykle vil peike på fylgjande element som svært viktige innspel til utforming av regional plan:

0 “Bestillingsbrevet”

Med bakgrunn i fakta om området og hendingane omkring opptakta til “bestillingsbrevet” kan det reisas spørsmål om det er fagleg grunnlag for å definere Setesdal Austhei som “Villrein-område”, på linje med Setesdal Veshei/Ryfylkeheiane og Hardanger-vidda.

1 Soneinndeling og kartpresentasjon, regional plan

Kommunane i Setesdal vil gå inn for at det vert nytta berre 2 soner:

- ❖ 1 omsynssone for Bygdeutvikling
- ❖ 1 omsynssone for rein

2 Bruk og vern, ulikt bruk over året, verning og bruk i tidssoner

Der det er konflikt mellom brukarar i heieområda må det skapast løysingar som kan regulere aktivitet gjennom året. Til dømes rein-kalving føregår berre i ei avgrensa tid på året og kalvingsområda treng ikkje gå tapt om same arealet vert aktivt nytta til anna i den tida av året som kalving ikkje føregår.

3 Driftshusvere

For å nytte ressursane i hei og utmark må det vera høve til å rehabilitere støyrlar og driftshusvere etter vedtekne føresegner.

4 Kalvingsområde

Lokal kunnskap om funksjonsområde for reinen reiser tvil om fleire lokalitetar som er vist på funksjonskartet. Særleg gjeld dette kalvingsområde i Bygland og Valle Austhei. Avsette omsynssoner for kalving må avgrensast til definerte leveområde for reinen og trekkjast vesentleg lengre mot nord og aust.

5 Motorisert ferdsle

Gjennom alle tider har det vore stor menneskeferdsel i heiestrekningane, sommar som vinter. I dag er ferdsla naturleg nok meir motorisert og dette må kunna oppretthaldast i eit omfang som stettar intensjonane i motorferdsellova. Ferdsel lyt føregå innan løypesystemet som er fastlagt som tradisjonelle liv på heiane” og fritidslivet i tilknytning til støylane. Reguleringar og løype-trasear er med på å styre denne ferdsla slik at ein ikkje skaper unødige uroingar for reinen.

6 Auka verdiskaping i jordbruk og beitebruk

Ikkje berre beiting av sau vil vere aktuelt i framtida. Storfe vil også kunne verte på nytt ein brukar av heiebeitet, slik det var for 50-80 år sidan då buskapar med samla dyretal i austheia på 4-500 naut på strekninga Rv45 til kommunegrense i sør. Eit erklært leveområde for rein må ikkje fortrenge potensialet for beiting av husdyr. Desse levde godt ilag tidlegare og kan gjere det også i framtida.

Staten prioriterer landbruksdrift basert på bruk av heiebeitet for sau og området kan ha ei toleevne på oppimot 20 000 sau.

7 Auka verdiskaping i skogbruk, bioenergi

Innan planområdet er det store område med fjellbjørkeskog. I sørlege delar, er det også barskog i stort omfang. Rimeleg tilgong til ved er faktisk den enklaste og billegaste måten å auke bioenergien sitt bidrag til energiforsyninga. Regional plan kan medverke til å legge til rette for meir bruk av fjellskogen. Desse fjellskogane har vore mykje hausta heilt frå jarnvinningstidi fram til 1950-talet og ein veit at både skogen og reinen toler slik hausting. Konkret inneber dette at det må kunna lagast enkle haustingsvegar og opplagsplassar.

8 Busetjing på heiegardane

Gardane opp mot skoggrensa og NVO må sikrast utviklingsareal. Dette gjeld i hovudsak gardane Bjåen, Breive, Ørnefjell, Geiskelid, Berdalen, Holsemo, Glidbjørg og Stavenes. Fleire av gardane ligg opp mot skoggrensa, med det

høgste gardsbruket på Bjåen på 900 m.o.h. Gardane her har fast busetnad og fleire driv aktivt med jordbruk og husdyrhald.

Det har til alle tider vore god sameksistens mellom folk og rein, og reinen vert teke omsyn til i det daglege. Men dei som bur i bygdene opplever avgrensingar i ulike regelverk og enkeltvedtak og meiner det er behov for spesielle rammevilkår som kan stimulere til busetjing og opphald meir enn å lage vanskar for å sikre grunnlag for ny busetjing og drift.

9 Turistløyper og skiløyper

Oppkøyrde skiløyper og merka stiar sommartid er viktige både for trivnad for bygdefolk og som eit aktivitetstilbod til hyttebuarar og tilreisande.

I Bykle har dei ein kommunedelplan for tur- og skiløyper, vedteke av Kommunestyret 26.06.2008. Her vart det laga eit dialogbasert kart, tufta på både lokal kunnskap og "fagleg" vurderingar av viltforvaltar hjå Fylkesmannen, villreinnemnda og SNO.

Av omsyn til vernet av villrein er det laga løypeplan for utfart. Kanalisering av ferdsel er eit viktig tiltak for å unngå konflikhtar mellom friluftsliv og villrein.

10 Hyttebygging

For Bykle kommune vil satsingsområda vere: Hovden og Midtregionen (sør for Hovden i ei strekning på 7-8 km).

For Valle kommune: Bjørnevatn, Uppstad heimhei og Brokke.

For Bygland kommune: Reiårsvatn, Skomeheia, Hovvatn, Voilevatna/Tangen. Eit visst omfang vil også føregå i tilknytning til fjorden.

Utover desse hovudområda i kvar kommune vil det også i mindre skala føregå hyttebygging, men ikkje i stor kommersiell skala. Hovden og Brokke vil ha status som "Destinasjonar" med utbygging av fellesanlegg og infrastruktur som høyrer med til eit moderne reisemål.

11 Ny kunnskap/nye måtar å nytte heieressursane, tidstilpassa bruk

Ein kan nytte areala innafor reinens leveområde på andre måtar enn før. Dette kan gjelde for:

- organiserte fotturar
- organiserte opplegg knytt til jakt og fiske og oppsett av mellombels lavvo til dette bruk
- etablering av rasteplassar/utkikks plassar og annan småskala tilrettelegging for å oppleve attraksjonar
- organisert køyring med hundespann
- ride- og kløvturar med hest
- omlegging av løyper og stiar, merking og prepping av skiløyper
- aktivitetar som kiting, paragliding og snorrafting
- skjøtsel for å ivaretake biomangfald

12 "Villreinkartet" sett i høve til planprosess

Sjølve "Villreinkartet" som vart utarbeidd av Villreinsenteret Sør har skapa mykje frustrasjon i denne prosessen. Planprogrammet er tydeleg på lokal forankring, samt at kunnskapsbasert planlegging vart framheva som fundament for vedtaksprosessen i planen.

Kartet har også vorte nytta av Fylkesmannsembetet som motsegn på kommuneplanar, og har såleis vorte misbruka. Embetet har bede om orsak for slik bruk.

Det vil vere eit krav at kommunane sine eigne godkjende arbeid, t.d. Bykle sitt tur- og løypekart, vert teke inn i det endeleg plankartet.

Kommunane oppfattar villreinkartet som eit innspel på lik line som kommunane sine innspel. Kommunane har ikkje hatt eit godt nok grunnlag til å kommentere kartet på grunn av underlaget som kartfestinga er gjort på har ikkje vore kjent. Pr. d.d. føreligg ikkje slik dokumentasjon.

13 Framtida til heia og til lokalsamfunna

Kanskje vert også i framtida den viktigaste ressursen heiane våre. Ikkje fyrst og fremst som potensielle utbyggingsområde, men som identitetskapar og noko som gjev meining for dei som lever her og dei som kjem som tilreisande. Kultur og tradisjonar har stor verdi både for fastbuande og dei som kjem på besøk.

Som eit svar på potensielle negative verknadar av globalisering, har sentrale politiske og økonomiske aktørar som EU og OECD oppmoda sårbare lokalsamfunn og regionar om å reindyrke biletet av staden, samt utvikla strategiar for transformering av lokal kunnskap til ressursar for økonomisk og kulturell utvikling. Slike strategiar vert definert som ei kulturøkonomisk tilnærming til bygdeutvikling (Lønning 2002).

Ein ser av planprogrammet i Heieplanen at visjonane er store og har mykje sams med det Lønning skriv om. Ein vil her både stimulere til verdiskaping i bygdene og å ta vare på villreinen. Det skal fokuserast på "bruk, vern og verdiskaping".

Ein ser at i Setesdal har innbyggjarane både stoltheit og kjærleik til heiane, og det er det viktig å "dyrke" vidare.

Dette føreset også at styresmaktene har tru på at lokalsamfunna kan og vil det beste – både for reinen og dei som bur her. På den andre sida krev det at det vert satsa på å byggje opp og føre vidare kunnskap hjå innbyggjarane, både den "handlingsborne" og den lærde kunnskapen.

14 Byggje framtidige arealbruksplanar på lokalkunnskap, lokalbasert forvaltning

Ein ynskjer å byggje opp ein kunnskapsbase lokalt, basert på lokale ressursar og lokal kunnskap i saman med "autorisert" kunnskap. Føremålet bør vera å byggje opp kompetanse lokalt, på "botnplanet" for å auke kunnskapen og ansvarskjensla, engasjementet og uviklinga til bygdene knytt til heiane.

Involvere unge i heieforvaltninga, og auke informasjonen om villreinen og bruken av heiane, både mellom innbyggjarane, hyttefolk og turistar. På den måten vil ein også skape ansvar.

Temaet villrein og setesdalssamfunnet kan vere tema for eiga forskning. Eit forskingsprosjekt gjennom eit lokalt basert kunnskapssenter, knytt opp til universitetsmiljø/forskingsmiljø, bør utgreiast.

Med bakgrunn i ViSa rapporten og historisk bakgrunn på Austheia i samband med tamreindriften må ein kanskje erkjenne at Austheia og Vestheia er ulike med tanke på reinstammane. I samband med regional planprosess må ein differensiere mellom desse to områda.

På Austheia har menneskje og rein levd side om side over eit langt historisk perspektiv. Reinen har beita i områda rundt støylane og vore med på å oppretthalde det opne beitelandskapet. Ettersom det i hovudsak her har vore tamrein, har nok denne ein større toleransegrad for menneskeleg inngrep og aktivitet enn på Vestheia. Dette fortel også dei som har drive årelang jakt i vest- og austhei. Dersom ein tar desse opplysningane med i vurderingane til regional plan ser ein det som fornuftig å differensiere forvaltninga i Austheia og Vestheia. Difor er desse to områda vist med ulik farge i forslaget til avgrensing av områda. På Austheia må det tilretteleggast med føresegn som gir rom for meir menneskeleg aktivitet enn på Vestheia, med bakgrunn i reinen si toleevne til å godtake menneskeleg aktivitet.

15 Heieveggar og brøyting av heieveggar

Brokke-Suleskardvegen er førebels berre sommarveg, med opningstid mellom medio mai og 1. nov. Ein regional plan må take høgde for slik ferdselåre på heilårsbasis.

I Bygland kommune er det bygt heie- og skogsbilveggar i stort omfang og desse må ein regional plan ta høgde for at skal kunna vintervedlikehaldast. Veg-

samband vestover mot Åseral /Bortelid må også ein regional plan skape rom for å kunne realisere.

16 Bygging av småkraftverk

Kommunane har eit potensial for utbygging av småkraft i eit stort omfang. Kor mange GWh som kan vere eigna for småskala utbygging er ikkje enno kartlagt, men ein regional plan må taka omsyn til at mykje av det potensialet som ligg i sideelvene til Otra må kunna nyttast.

17 Det vidare planarbeidet fram mot endeleg plan

Gjennom innspel kan dei berørte påverke planprosess og planutforming. Lokalsamfunna er sette under eit utilbørleg tidspress i innspelfase. Skal høyringsfasen ha same tidspress over seg vil dette kjennast som uforsvarleg i høve til medverknad i ein regional planprosess.

For å sikre slikt høve til lokal gjenkjenning må det setjast av tid til ein mellomfase flør høyringsfasen der lokalsamfunna før høve til å drøfte eit førebels utkast til regional plan. Det må i ein slik situasjon setjast av tid til tilbakemelding til plansekretariatet/styringsgruppe.

Høyringsfasen må vere så vidt romsleg at det vert avsett tid til lokale presentasjonar og det må samstundes presenterast kompetent konsekvensutgreiing som del av høyringsdokumentet.

-----000000-----

Innholdsliste

Føreord

Samandrag

1. Innleiing	12
2. "Bestillingsbrevet"	14
3. Status for planarbeidet	17
4. Regional plan	18
5. Planprogrammet, føremålet med regional plan	20
6. Planavgrensing og arealkategoriar	21
6.1. Planavgrensing og sonedeling.	
6.2. Lokale prosessar i arbeidet med Heieplanen	21
6.3. Arealkategoriar, regional plan.....	14
6.4. Arealkategoriar innan det såkalla "villreinkartet"	24
7. Historisk og framtidig bruk av areala innanfor heieområdet	25
7.1. Legedrift og støyling	25
7.2. Støylsdrift og utmarkslått	26
7.3. Krøterdrift	26
7.4. Sauedrift.....	27
7.5. Setesdal - spælsaudalen	27
7.6. Kulturlandskap - narurleg mangfald	20
8. Frå tamrein til villrein	35
8.1. Setesdal Vesthei og Ryfylke villreinområde.....	26
8.2. Setesdal Austhei villreinområde.....	27
8.3. Villrein og tamrein	27
8.4. Tamreindrif i Setesdal Vesthei	
8.5. Breive reinsdyrsamlag.....	30
8.6. A/S Byklehei reinsamlag.....	30
8.8. Frå høgsterettsdomen frå 1957 til avviklinga i 1979	40
9. Innspel	43
9.0 "Bestillingsbrevet"	44
9.1. Soneinndeling og kartpresentasjon, regional plan	45
9.2. Omsynssone 1: Bygdeutvikling.....	45
9.3. Omsynssone 2: Villrein	49
9.4. Bruk og vern, ulikt bruk over året, verning og bruk i tidssoner	49
9.5. Driftshusvere	49
9.6. Kalvingsområde	50

9.7. Motorisert ferdsle.....	50
9.8. Auka verdiskaping i jordbruk og beitebruk	51
9.9. Auka verdiskaping i skogbruk, bioenergi.....	51
9.10. Busetjing på heiegardane	52
9.11. Turistløyper og skiløyper	52
9.12. Hyttebygging.....	53
9.13. Ny kunnskap/nye måtar å nytte heieressursane på, tilpassa bruk ...	53
9.14. "Villreinkartet" sett i høve til planprosess.....	42
9.15. Framtida til heia og til lokalsamfunna	56
9.16. Framtidige arealplanar, lokalkunnskap, lokalbasert forvalting	61
9.17. Heievegar og brøyting av heievegar	61
9.18. Bygging av småkraftverk	62
9.19. Det vidare planarbeidet fram mot endeleg plan.....	62

Landskapet opnar seg

Når du

lyfte barnet mot skyin

og bar smilen i barten

-såg eg eit andlet.

Når du

meisla ut orvet

og skar runer i treet

-såg eg ein neve.

Når du

sprang over nutan

og saup blod av reinen

-såg eg ein nakke.

Då du

stupa i spranget

og fekk skuggen i auget

-såg et eit menneske.

Gjennom deg

stegar slektene

Inn i mitt landskap.

(Olav Mosdøl; Menneskelandskap)

1. Innleiing

Kommunane i Setesdal er deltakarar i oppstarta planarbeid for å sikre villreinens interesser i Setesdal Aust- og Vesthei og Ryfylkeheiane. Oppstartsmøtet på Revsnes i nov. 2009, med presentasjon av utkast til Planprogram og det såkalla "villreinkartet", var starten på ein planprosess som skal avsluttast i slutten av 2011 med vedtak i respektive 5 fylkesting. Prosessen er komen så langt at det vert invitert til innspel til planarbeidet og materiell er lagt ut på prosjektet si heimesida. Mellom anna er det presentert oppdaterte kunnskapskart om villreinens bruk av områda innan planområdet. Likeins er det utarbeidd ein verbal del om prinsipp for sonedeling og planpresentasjon.

2. “Bestillingsbrevet”

Setesdal Austhei-prosessen som del av nasjonalt villreinområde

Område 1 er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og område 2 er Setesdal Austhei. Begge er karakterisert som grønne område med opphaveleg villrein. Nokre andre område er farga orange der det er sagt at det er villrein med opphav i forvilla eller utsett tamrein.

Dette er likevel kommentert slik: *“Det har også vært tamreindrift i Setesdal Austhei. Forvillet tamrein har siden til en viss grad blandet seg med den opprinnelige villreinen på Hardanger-vidda, I Nordfjella og i Setesdal Ryfylkeheiane. Villrein fra diss tre store områdene finner vi også igjen i en rekke omkringliggende og mindre villreinområder, slik som Lærdal-Årdal, Blefjell, Brattfjell- Vindeggen, Setesdal Austhei og Våmur –Roan”.*

Setesdal Austhei vart ikkje føreslege som nasjonalt villreinområde. Det vart Setesdal Vesthei, Hardangervidda og Nordfjella. Dette vart gjort ut frå det at ein alt då såg at kompromiss og differensiert forvaltning er nødvendig for å få eit ekstra vern på nokre område, s 71 i ViSa –rapporten.

Stortingmelding 21 2004-2005, side 134: *“Regjeringen vil gi villreinområder som er spesielt viktige for artens fremtid i Norge status som ”nasjonal villreinområder” Avgrensing og innhold skal avklares gjennom regionale planprosesser.”*

I same stortingsmelding står det at kulturlandskap skal sikrast mot attgroing, s 135.

Møtet i Valle den 24. april 2006, initiert av Ordføraren i Valle, påpeika kor viktig det var å skilje mellom desse 2 områda.

Brev frå Valle kommune dagsett den 12.07.2006 går i mot at Fylkesmennene no tek til orde for at Austheia skal vere med i Nasjonalt villreinområde, jfr. deira brev 24.05.05.

Fylkesmennene ber DN i brev av 25.07.2006 om å vurdere å utsette spørsmålet om samanslåing av villreinområda til etter at den regionale planprosessen er gjennomført.

I bestillingsbrevet frå MD 12 .04.07 har Setesdal Austhei fått status som nasjonalt villrein-område. Dette er grunngeve med at dei to områda heng så nært saman funksjonelt med stor grad av utveksling av dyr, slik at det er trong for å sjå desse to villreinområda i saman-heng når det gjeld bestandsforvaltning og arealforvaltning.

Når ein ser på ViSa-rapporten ser ein klart at det er gjort ei prioritering utifrå det faktum at skal ein ta vare på nokre villreinområde, må det vere andre område der ikkje forvaltings-regimet er så rigid og strengt. Dette gjer ein gjennom soneinndeling og differensiert for-valting. Områda er valde ut utifrå storleik, kvalitet og verdi som villreinområde, ulike stammar sin genetikk og opphav.

ViSa-rapporten har også teke til orde for at villrein er eit kvalitetsstempel for levande fjell-bygder. Dette faktum har gjort at ViSa-rapporten har differensiert områda og mellom anna ikkje teke med Setesdal Austhei i nasjonalt villreinområde. Ein kan vel og stille seg det spørsmålet om ein har lukkast med ei felles stammeforvaltning.

Miljøverndepartementet har altså ikkje følgd ViSa-rapporten si faglege vurdering ved oppretting av nasjonale villreinområde. Det har heller ikkje følgd oppmodinga frå Valle kommune.

Det er ikkje grunn til å tru at det var ein glipp frå ViSa-gruppa ikkje å innleme Setesdal Austhei, men heller ei vurdering av at skal ein få til noko må ein differensiere forvaltinga.

Det har også vist seg gjennom GPS-merke-prosjektet at utvekslinga av dyr aust-vest i Setesdal er mindre enn det ein trudde på førehand.

Med bakgrunn i fakta om området og desse hendingane som er omtalt ovafor fram til "bestillingsbrevet" kan det reisast spørsmål om det er fagleg grunnlag for å definere Setesdal Austhei som "Villrein-område", på linje med Setesdal Veshei/Ryfylkeheiane og Hardanger-vidda.

3. Status for planarbeidet

Arbeidet er no i ein startfase og på dette stadiet er det viktig å kome med gode innspel til arbeidet. Høyringsutkast er venta i 1. kv. 2011 og vedtak av regional plan i denne fylkestingsperioden. All erfaring innan planarbeid tilseier at det er i denne fasen ein legg hovudgrunnlaget for ein god og samlande plan. I innspelsfasen skal alle interesser opp på planbordet og desse interessene må avvegast og avstemmast med kvarandre fram til eit godt og omforeint sluttprodukt.

Kommunane meiner framdriftsplanen er svært stram og er redd for at dette kan gå ut over lokal medverknad i planarbeidet. Kvaliteten i innspela kan lide av at tida vert for knapp til å underbyggje godt nok kva som rører seg i bygdelaga. Slutføringa burde hatt ei tidsramme på minst 1 år til.

4. Regional plan

Ein vedteken regional plan vil gjeve føringar for kommunen sin overordna plan, kommuneplanen. Det er såleis viktig at føringane som kjem av regional plan, i form av kart, sonedelingar og bestemmelsar, gjev bygdelaga godt handlingsrom til å utvikle seg i takt med tida. Det er viktig at dalføret lyt ha plass også til folk, ikkje berre areal for gode leveområde for rein og villrein. Frå ny Pbl er det saksa fylgjande om regional plan:

§ 8-4. Vedtak av regional plan

Regional plan vedtas med endelig virkning av regional planmyndighet dersom saken ikke bringes inn for departementet etter bestemmelsen i andre ledd, eller annet følger av forskrift til § 8-1 andre ledd. Kommunene, fylkesmannen og berørte statlige organer skal underrettes om vedtaket. Et eksemplar av planen sendes til departementene til orientering.

Dersom statlig organ av hensyn til nasjonale eller statlige interesser på vedkommendes ansvarsområde, eller kommune som blir direkte berørt av planen, har vesentlige innvendinger mot planens mål eller retningslinjer, kan de kreve at saken bringes inn for departementet, som kan gjøre de endringer som finnes påkrevd. Tilsvarende gjelder ved vedtak av regional planbestemmelse etter § 8-5.

Selv om saken ikke bringes inn for departementet etter foregående ledd, kan departementet, etter at regional planmyndighet er gitt høve til å uttale seg, foreta endringer i planen ut fra nasjonale interesser. Regional planmyndighet må være underrettet om at planen vil bli endret innen tre måneder etter at departementet har mottatt den.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

§ 8-5. Regional planbestemmelse

Regional planmyndighet kan fastsette regional planbestemmelse knyttet til retningslinjer for arealbruk i en regional plan som skal ivareta nasjonale eller regionale hensyn og interesser. Bestemmelsen kan fastsette at det for et tidsrom av inntil ti år nedlegges forbud mot at det blir iverksatt særskilt angitte bygge- eller anleggstiltak uten samtykke innenfor nærmere avgrensede geografiske områder, eller bestemme at slike tiltak uten slikt samtykke bare kan iverksettes i samsvar med godkjent arealplan etter denne lov.

Forslag om regional planbestemmelse skal utarbeides og behandles i samsvar med reglene i §§ 8-3 og 8-4, og kan fremmes i forbindelse med utarbeiding av en regional plan.

Regional planmyndighet kan, etter samråd med fylkesmannen og berørte kommuner, forlenge forbudet med fem år av gangen.

Samtykke til å iverksette tiltak som omfattes av regional planbestemmelse kan gis av regional planmyndighet etter samråd med fylkesmannen og berørte kommuner.

Regional planbestemmelse skal kunngjøres i Norsk Lovtidend og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Et eksemplar av planbestemmelsen skal sendes til departementet, fylkesmannen og berørte kommuner og statlige myndigheter.

I kommentardelen les ein:

Regional planbestemmelse – behandlingsregler og rettsvirkning

Til regionale planer som gir retningslinjer for arealbruk er det mulig å vedta en regional planbestemmelse som skal sikre at det ikke foretas arealbruksendringer, som er i strid med planens retningslinjer.

Bestemmelsen er ny.

Arealretningslinjer på regionalt nivå blir sjelden så presise at det er naturlig å bruke virkemidler tilsvarende kommuneplanbestemmelsene. En regional plan med retningslinjer for arealbruk vil fortsatt ha den virkning overfor kommunal planlegging at den skal legges til grunn for kommunal planlegging og gi grunnlag for innsigelse til kommunale planer.

Dersom eksisterende kommunale planer gir rom for utbyggingstiltak som ikke er ønskelig etter den regionale planen, kan det være behov for bedre juridiske virkemidler knyttet til et regionalt arealspørsmål. Innholdet av den regionale planbestemmelsen retter seg i utgangspunktet mot private utbyggere og tiltakshavere, men har også konsekvenser for kommunal forvaltning. Bestemmelsen er juridisk bindende i forhold til private utbyggere og kommunene, og vil gi kommunene tid til å justere sitt plangrunnlag i samsvar med den regionale planen. Forbudet vil bortfalle når kommunen har vedtatt en arealplan som ivaretar hensynet bak bestemmelsen. Både berørte kommuner, regionale statsorganer og Sametinget kan kreve at spørsmålet om båndlegging bringes inn for Miljøverndepartementet til avgjørelse.

5. Planprogrammet, føremålet med regional plan


Planprogrammet, som er ei instruksjonsbok i gjennomføring av planarbeidet, har vore på høyring og er vedteke som eit arbeidsdokument for planprosessen. Kommunane vil påpeike at det er lagt for lite tilrettes for lokal medverknad frå grunneigarhald. Når det alt vesentlege av planarealet er i privat eige skulle det ha vore sterk representasjon i arbeidsgruppe/styringsgruppe frå grunneigarsida. Dette er ein klår mangel ved Planprogram og planprosess.

Føremålet med regional plan er å sikre reinens leveområde og det er lagt fram eit såkalla villreinkart. Dette kartet har i planstarten fått ein uklår status og er av mange tolka som sjølv regionplankart og omsynssone. Slik kan det ikkje vere og kommunane vil peike på at det endelege omsynsom-rådet for villrein må byggje på ei vurdering av bygdelaga sine behov og reinens behov, der interessene er avstemte mot kvarandre. Framlagt leveområdekart for villrein er å vurdere som eit innspelskart frå sektorinteressene.

6. Planavgrensing og arealkategoriar

6.1. Planavgrensing og sonedeling.

Plangrensa omfattar mange fylke og kommunar. Det som er heilt spesielt for Bykle, Valle og Bygland er at HEILE kommunane inngår, ulikt andre som ligg i kantsona. Såleis vert alt areal omfatta og nettopp det set ekstra store krav til planleggar om å finne plass til "omsynssone" også for "Bygdeutvikling". Desse kommunane står i særstilling og må få arealkategoriar og bestemmelsar som tek opp dette spesielle tilhøvet.



Fleire stader er det berre riksvegen som er halde utanom, elles kjem heile dalen inn under kategorien "nasjonalt villreinområde". Dette er ganske særmerkt. Samanliknar ein med andre planområde / nasjonale villreinområde, er grensa trekt utanom tettstadene og hytteområde. T.d. på Hardangervidda, der villreinområdet vert meir som eit "platå" inne på vidde, og grendene er stort

sett halde utanom. Kva vil det å vera innbyggjar og bygdefolk i eit “nasjonalt villreinområde” ha å seia for utvikling og trivnad i eit samfunn som Setesdal?

Ein veit at det kan få store konsekvensar på det “materielle plan”, men kan det også gjera noko med sjølve kulturen i eit slikt område?

Og finnast det nokre døme frå andre stader i landet ein kan samanlikne med?

Ein kan gå vidare med korleis det “kulturelle landskapet “ er med på å forme menneska som lever der, både i høve til identitetsbygging og haldningar til eiga heimbygd. Kan ein slik prosess som dette vil verta / det å kome inn under eit slikt område gjera noko med kulturen i ei bygd eller ein dal som Setesdal? På “godt og vondt”?

Kva med

- ❖ Identitetsbygging?
- ❖ Kompetansebygging?
- ❖ Prosessen - demokrati?

6.2. Lokale prosessar i arbeidet med Heieplanen

Michaela Vasstrøm har i arbeidsrapporten sin “Lokale prosesser i Heieplanen” (2010), konkludert med at mykje av frustrasjonen i høve til Heieplanen i Setesdal handlar m.a. om erfaring frå tidlegare verneprosess. Det handlar også om forvaltning om randsoner, om manglande kommunikasjon i dag, om storsamfunnet i høve til lokale interesser, og om statlege aktørar si manglande anerkjenning av lokal kunnskap og lokale perspektiv. På same tid har det villreinfaglege kartet skapt misstillit til reell moglegheit for å få lokal påverknad i Heieplanprosessen.

Ho viser også til at kommunane og innbyggjarane gjerne vil vera med på å prege plan og vernearbeid gjennom dialog og dermed verte anerkjende som viktige aktørar i arbeidet med å verne og ta vare på deira lokale område. Dei

som innbyggjarar i eit berørt område har rett til å verte involvert. Dei har ikkje berre verdifull lokal kunnskap som kan vera med å gje ei betre forvaltning, men dei bør også vera med i dialogen av etiske og demokratiske grunnar.

Vasstrøm viser også til Forskningsrådet sin rapport (2010) som seier at lokal forvaltning er naudsynt. Manglande involvering og anerkjenning er med på å skape frustrasjon og avmakt, medan ei opning mot involvering set i rørsle refleksjon, læring og ansvar. Det kan ikkje skapast berekraftig naturforvaltning utan at lokal forankring. Vasstrøm seier at i dette prosjektet finnast det både lokal forankring og ansvar for heieforvaltninga, men at denne må anerkjennast og utviklast gjennom støtte og dialog frå sentrale myndighetar.

I arbeidet med Heieplanen er oppfatninga at det til no har det vore lite bruk av lokal kunnskap, og at omsynet til fastbuande i bygdene ikkje er lagt til grunn. Det er viktig å presisere at dette fyrst og fremst ikkje går på ev. reduserte mogelegheiter for utbygging, men like mykje at innbyggjarane i kommunane sjølve vil ha råderett over områda dei bur i. Omsynet til rein og heiane vert også sett høgt i lokale prosessar, og er viktig både for trivnad og bulyst i Setesdal.

6.3. Arealkategoriar

Kategoriane for soner som er tenkt bruka på kartet samsvarar ikkje overeins med dei kategoriane som Hardangervidda har bruka i sitt høyringsdokument. Det er uheldig at ikkje faste kategoriar er utarbeidd før kartarbeidet vart påbyrja. Det er fleire grunneigarar som har eigedom både i Setesdalsheiane og på Hardangervidda og det ville då vera enklare å halde seg til dei same kategoriane for heile eigedomen. Der planane møtest ved E134 skapar dette uklære tilhøve. Dette må samordnast sekretariata i mellom. Tilliggjande soner over planavgrensingane vil kunne få ulik sakshandsaming og forvaltning.



Figur: Utdrag, del av tittelfelt med sonekategorier i "Hardangervidda-planen"

6.4. Arealkategorier innan det såkalla "villreinkartet"

Kategoriane er mange og definisjonane er ikkje presise. Etter spørsmål om kartkategoriar til soner o.l til villreinsenteret verkar det som at dette er lite gjennomtenkt, og ein kan stille spørsmål til kor kunnskapsbasert kartarbeidet er. Ein ser også at dette kartet ikkje stemmer overeins med lokale kart, t.d. det som vart utarbeidd i Bykle i samband med løype- og turplan. Dette er eit kart over villreinen sin arealbruk til ulike delar av året. Kva lokal kunnskap er kartet som Villreinsenteret har laga tufta på? Det er også påfallande at heilt ny kunnskap er dukka opp sidan nov.-versjonen fram til dei kommunevise karta som er lagde ut på nettet. Dette gjeld m.a. "særlege viktige områder" knytt til trekkvegar. Kvifor dei no har fått status som "særleg viktige er ikkje definert eller dokumentert.

7. Historisk og framtidig bruk av areala innanfor heieområdet

7.1. Legedrift og støyling

I Setesdal har **buskaperen** i all tid vore viktig for menneska som lever her. Heiane gjev gode beite til både storfe, sau og geit. Ein ser også restar og spor etter busetjing langt til fjells, særleg på austheiene. Århundrar med støyling og beiting har vore med å forma landskapet der skog og fjell møtest, likeeins ser ein at driftelegene framleis er grønne og frodige langt til heis.

Krøterbeite i drifteheiane

«Overskot av krøter i vest og underskot av kjøtt i byane i aust førde til at krøtertrafikken oppstod ca. 1750. Krøteret vart oppkjøpt i bygdene i vest, særleg i Rogaland, men også i heiebygdene på Agder. For fyrste gong vart nokre av dei sentrale delane av heiområdet teke i bruk til krøterbeite. Om haustane vart krøteret sankt i Kristiansand og Arendal.

I 1830-40-åra vart Agder-krøteret einerådande i den sørlegaste og søraustlegaste av dei sentrale delane. Og marknaden i Kristiansand og Arendal vart metta av Agder-krøter. I 1830-40-åra trekte Rogaland-krøteret seg lenger nordover og tok heile dei sentrale delane i bruk til beite, heilt nord til Aurdalen (på nordvestsida av Rjuven), der Dyreheii tek til. Etter dette omskiftet i 1830-åra vart Rogalandkrøteret sankt tilbake til Rogaland, slik at bøndene der fekk att krøteret sitt om haustane.

Eit isolert område mellom Hovden og Haukelifjell, nordaust for Dyreheii, vart brukt til beite for Fjellgards- og Telemark-krøter. Det vart sankt til slakt i Kongsberg, Drammen og Oslo.

Såleis vart altså heile dei sentrale delane av heiområdet, med unntak av Dyreheii, teke i bruk som krøterbeite. Krøteret som beita i dei sentrale delane, vart gjett på ein måte som dei kalla legegjeting. Det gjekk ut på at hjuringane overnatta, saman med krøteret, på visse leger. På ei lege var der somtid ein heller, somtid berre ei bu eller eit halvtak, der hjuringane kunne liggja, og så låg krøteret på vollen utanfor. Når hjuringane hadde gjett nokre dagar kring ei lege, flytte dei til den neste. Såleis vandra dei som nomadar mellom legene, innafor den teigen som høyrde til ei driftehei. Krøterflokket vart kalla drift, av di han vart driven frå stad til stad. Og dei sentrale delane av heiområdet, der driftelegene låg, vart kalla driftehei. Driftekrøteret var både storfe, geiter og sauer.

Det særmerkte for dei sentrale delane av dette heiområdet, med unntak av

Dyreheii, er at det der var uvanleg tett med drifteleger samanlikna med Hardangervidda og område vidare nordover. Legegjetinga tok gradvis slutt frå kring 1900 til kring 1910 og driftelegene vart nedlagde. Nokre få stader vart det gjort forsøk på å ta opp att legegjetinga i 1917-1923. I ettertida har dei sentrale delene berre vore brukt til beite for sauer. I ei overgangstid førekom det såkalla "styregjeting", ei mildare form for gjeting, ut frå nokre få faste hytter. No er det berre att "styregjeting" ut frå Vide Lega. Etter 1953 har ein elles gått gradvis over til å la sauene gå heilt fritt.»

7.2. Støylsdrift og utmarkslått

Gardane i dalbotn av Setesdal har som regel fleire støylar knytt til seg. Det er heimestøylar og ein heiestøylar, og støylsbuene til gardane frå same grenda ligg samla i klynger. På austheiane er heimestøylar er dei som stort sett ligg i nedslagfeltet til Otra, deretter kjem dei som ligg midt mellom dalen og Finndalen, dei vert ofte kalla Midtfjøddi, og så er det heiestøylane i Finndalen. Dei gamle buferdvegane gjeng då beint austover heiane frå gardane til heimestøylen, midtfjøddi og heiestøylane. Likeeins var det på vestheia, der har ein støylsdalar som Evardalen og Uppstadheia, Hylesdalen, Ljosådalen, for å nemne nokre.

Mykje av ferdsla mellom aust og vest gjekk også langs desse dalane.

Det vart også slege mykje i utmarka, både i skogen og myrane kring gardane og langt opp i heiane. Graset vart sett i stakk eller lagt i høybuer og så køyrt heim på vinteren. Støylane og utmarka gav både beite og det meste av vinterfôret. Både sel, høybuer og steinbuer på legene er i dag rike kulturminne som viser kor viktig utmarka var for bøndene i Setesdal.

7.3. Krøterdrift

Lenger nord i Setesdal, i Fjellgardane i Bykle, var krøterdrift ei viktig næring. Storfe vart kjøpt opp om våren og drive opp på dei frodige fjellbeita i Bykleheiane. På same tid vart beite leigd ut til «austmennar», og fjellgardingane sjølve leigde også geitedrifter som dei sat med om sommaren.

Storfedriftene vart gjett innover heiane, der dei låg omlag 14 dagar på kvar lege. Berre i SVR er det tilsaman registrert over 600 leger. Denne legegjetinga veit ein tok til på 1700-talet og varde til 1910 og nokre stader endå lenger. Store rovdyrtap var ein av grunnane til at det vart slutt med legegjetinga, i tillegg til endringane elles i samfunnet.

7.4. Sauedrift

På vestheia er det lange tradisjonar med sauedrifter. Sauen - eller smalen som dei ofte vert kalla - kjem frå fjordarmane i Ryfylke og Jæren i vest til fjellområda mellom Ryfylke og Setesdal. Sauebøndene i Rogaland har lite fjellbeite sjølv, og dei har framleis det høgaste sauetalet i landet. Fjellbeitet over mot Setedal - Ryfylkeheiane spelar difor enno ei viktig rolle for landbruket lenger vest for oss.

Alt i frå 1820 har det vore organiserte sauedrifter i Setesdal-Vesthei Ryfylkeheiane. Heiesjefen leigde beite av grunneigarane og hadde ansvar for kor mange dyr han kunne ha med seg i drifta. I Setesdal-Sirdalsheiane vart det etterkvart mellom 40 og 50 drifteheier for både leigedrifter og lokal sau. I dag er det kring 165000 sau.

Det vart også tidleg gjort beitegranskingar i heiane her. I 1917 gjorde Selskapet for Norges Vel ei stor gransking der dei fann ut at det beste beitet låg opp mot Rjuven og på både aust- og vestsida av Roskreppfjorden. Det var her sauene vaks mest i løpet av sommaren. Seinare har det vore fleire slike granskingar, den nyaste i 2007.

7.5. Setesdal - spælsaudalen

Sauen har også vore viktig for bygdene i Setesdal. Ein seier at det var her sauerasa spælsau vart redda frå å døy ut. Rundt 1900 var spælsauen i Noreg i ferd med å bli fortrennd av engelske sauerasar. Det var i Setesdal denne rasen vart redda for ettertida. Fyrst på Løyland og så på Uppstad var det sauealsgardar som produserte og selde livdyr rundt til heile landet. Spælsauen har mange gode eigenskapar, og ulla er heilt spesiell.

I Valle har ein no planar om å byggje eit stort sauefjøs med plass til 3000 sau, det vil i dag vera eit av verdas største sauefjøs. Bygginga av fjøset skal vera med på å sikre sauenæringa i ein kommune der stadig fleire avviklar gardsdrifta.

7.6. Kulturlandskap og naturleg mangfald

(steingjerde)

det var steingjerda

som batt verden saman

strake band frå elva

til fjellet

varme å sitje på

i sommarkvelden

steinane kila inn

mot kvarandre

med uendeleg tolmod:

tid og nevar

slåtteteigane tett inn til gjerdet

fullmoge og klare for låen

tykk eng mot stein:

slik fekk vi først sjå

at det er mogeleg

å forandre verden

(Paal-Helge Haugen; Steingjerde)

Omfattande bruk av utmarka gjennom tidene og fram til i dag har ført til eit særmerkt kulturlandskap og ein særeigen flora og vegetasjon med eit stort biologisk mangfald heilt opp i høgfjellet.

I støylslandskapet opp mot heiane var møtet mellom voll og eventuell bjørke- eller bar "skog" svært gradvis og varsamt. Område som ikkje vart slege vart beita. Slått og beiting veksla frå dalbotn og kilometervis, for ikkje å sei milevis, inn på heia (Svalheim 2002).

Etter lang tid med slått, trakk, hogst, beiting og naturgjødsling i støylsområda, vart plantene si fordeling i landskapet endra. Det lysopne støylslandskapet vart prega av planter som fyrst og fremst tolde desse kulturpåverknadane. I fylgje Bryn 1998 var artar som fann seg til rette her gjerne planter med lågt vekstpunkt (grasartar), planter med vond smak (soleie, søteartar), planter med torna eller ru blad (tistel, sylvbunke), planter som blømer tidleg og dermed rekk å setje frø før beiting og slått, eller planter som formeirar seg vegetativt (fleire starr-artar). Mange av desse artane var ikkje i landskapet på førehand. Århundrelang kulturbruk av utmarka med ein ekstensiv utnytting av ressursane tilførde dermed landskapet eit større artsmangfald og ein større variasjon av naturtypar enn det som fanst før den utstrakte kulturbruken sette inn. (Svalheim 2002).

Fleire av dei mest sjeldne plantene våre er knytt til slike kulturlandskap. Og mange av desse plantene har sopp og insekt knytt til seg som utgjer eit heilt økosystem.

Dei siste 50 åra har bruken av heiane endra seg, og ein ser at tre og buskvekster tar over på dei opne vollane dersom det ikkje vert beita eller slege. Dette mangfaldet av artar i støylslandskapet er difor i ferd med å gange tapt, dersom ein ikkje set i stand skjøtseltiltak og held ei aktiv drift med beiting på fleire av støylane. For at desse artane skal overleve må kulturlandskapet vera i drift, både med beiting og slått. For framtida er slike

«gamle slåttenger» og «beitemarkar» levande genbankar som me vil få nytte av i utfordringane me har med klimaendringar og miljø.

Dei nordre delane av heiane har òg ein svært næringsrik berggrunn, som gjev grunnlag for ein rik vegetasjon heilt opp i høgheiane. Det er også her me ser dei gamle legene med god grasvekst med innslag av urter og høgstauder heilt opp i 1200 m.o.h.

Desse legene og støylsvollane kan ein også tenkje seg kan vera gode reinbeite om hausten etter at sau eller storfe har beita og gjødsla marka om sommaren.

Svalheim (2002) konkluderar med at verdiane i støylslandskapet i Setesdal treng framtidig *medviten* og *aktiv* bruk for å kunne takast vare på. M.a.: Tradisjonell støyldrif i Setesdal kan vera vanskeleg i dagens landbruk, men ein bør bruke dei beitedyra som finnast til skjøtsel. Det bør også oppmuntrast og stimulerast til auke storfebeiting i støylsområda i framtida, og bygningane bør istandsetjast, Dei har både eigenverdi som kulturminne og praktisk verdi for eigar. Ressursane i utmarka og støylslandskapet i Setesdal kan bringast inn som ein naturleg del av eit moderne driftsgrunnlag på eigedomane med husdyr i Setesdal. På denne måten kan attgroing av støylslandskapet til ei viss grad hindrast, på same tid som tiltaka er ein naturleg del av driftsgrunnlaget for eigedomane.

Det har i dei siste åra vorte stort fokus på arts-mangfald og naturtypar og kulturlandskap. I 2009 vart Naturmangfaldlova vedteke (Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald), 2010 er FN sitt Naturmangfaldsår, og kvart fylke har valt ut sitt spesielt verdifulle kulturlandskap. I denne samanhengen er det viktig å finne ein ballanse som tek vare på mangfaldet i heiane våre – både for rein og andre artar. Det er då viktig å sjå heilskapen mellom bruk – drift – og vern, og ikkje minst det å sjå ei framtid for landbruket i Setesdal der bruk av heiane og støylsområda kan få ei ny verdi.

Utvalgte naturtyper

Utvalgte naturtyper er et nytt og viktig virkemiddel i forvaltning av norsk natur. Skal vi ta vare på naturmangfoldet må vi sikre at våre mest verdifulle naturtyper overlever. En naturtype er for eksempel deltaområder, slåttevær, kystlynghei, gårdsdammer eller steinrøyser. Mange slike naturtyper er truet og befinner seg utenfor vernede områder. For denne naturen mangler vi felles mål og retningslinjer for hvordan kommuner og andre kan ta tilstrekkelig hensyn. Et svar på dette er et av naturmangfoldlovens nye virkemiddel; utvalgte naturtyper.

Mange naturtyper er truet av at tradisjonell bruk ikke lenger finner sted.

De foreslåtte utvalgte naturtypene er:

- ❖ Slåttemark
- ❖ Slåttemyr
- ❖ Kalksjøer,
- ❖ Kalklindeskog
- ❖ Hule og store eiker.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/naturmangfold/ny-naturmangfoldslov.html?id=552994>

Utvalgte kulturlandskap

For å ta vare på verdifulle landskap i jordbruket, har regjeringen utpekt 22 områder i Norge med store biologiske og kulturhistoriske verdier. De utvalgte kulturlandskapene skal følges opp med en særskilt forvaltning.

Nasjonale myndigheter har bestemt at "spesielt verdifulle kulturlandskap skal være dokumenterte og fått en særskilt forvaltning innen 2010", og erkjenner med det at en målrettet forvaltning er nødvendig dersom verdifulle kulturlandskap i jordbruket skal bli ivaretatt. Den viktigste aktøren er grunneieren, men kommuner, fylker og staten må ta ansvar for gjennomføringen. Langsiktige og stabile økonomiske virkemidler må til for å sikre frivillig deltakelse og ønske om å påta seg ansvaret for å ivareta disse områdenes kvaliteter. Alle verdifulle områder kan ikke tas vare på, men Norge har både

et nasjonalt og et internasjonalt ansvar for å sikre en målrettet forvaltning av noen utvalgte kulturlandskap i jordbruket.

www.dirnat.no/multimedia.ap?id=1354&contentdisposition=attachment

Fjellområdene i Sør- Norge

Jordbruk

Fjellområdene har gjennom årtusener vært gjenstand for ulik utnyttelse. Mest utbredt, og av størst betydning for fjellets kulturlandskap var utvilsomt seterdrifta. Dette er en driftsform med sesongvis flytting av husdyr fra selve gården og opp til ulike beiteområder i fjellet. Selv om Norge har et mangfold av ulike typer seterbruk, kan den kulturelle påvirkningen forenklet skisseres slik: Menneskene hogger ned deler av skogen for å forbedre beitet, få materiale til seterhus og gjerder, og for å skaffe brensel til foredling av husdyrprodukter. Husdyra på sin side sørger for å holde vegetasjonen nede gjennom sin beiteaktivitet. Gjennom århundrer ga seterbruket dermed fjellskogsområdene et karakteristisk lysåpent ogsnaut preg. Når en slik kulturpåvirkning opphører vender den naturlige skogen tilbake, men pga. klimatiske forhold i fjellområdene skjer dette seinere enn i lavlandet.

I Norge har seterdrifta gjennomgått en rivende utvikling de siste 150 åra. Fra å ha ca. 50 000 setre i drift i 1850, var det fortsatt 20 000 igjen i 1950. Siden har det imidlertid skjedd en storstilt nedlegging, og i dag har Norge kun 2 820 setre igjen i drift. De aller fleste av disse ligger i Fjellområdene i Sør-Norge. For selve fjellnaturen har den omfattende nedleggingen først og fremst betydning for landskapet rundt de nedlagte setrene. Der aktivt setring en gang senket skoggrensa med opptil 3- 400 meter, er fjellskogen igjen på full fart tilbake. Dette innebærer at et tidligere lysåpent kulturlandskap mange steder er i ferd med å dekkes av skog. Men, fordi fjellet på mange måter er et sårbart økosystem bruker naturen lang tid på å skjule sporene etter tidligere bruk. Derfor kan mange gamle seterlandskap fortsatt oppleves, til tross for at drifta ble nedlagt for flere tiår siden.

Hardets rammet av gjengroingen er fjellområdene lengst i sør hvor man tidligere hadde et utbredt Her var hovedformålet med setringen å sanke vinterfôr i utmarka, noe som gjorde at husdyra hyppig ble flyttet rundt til flere setre i fjellheimen ettersom graset på utslåttene ble slått. Fordi både folk og husdyr ikke oppholdt seg særlig lenge på hver seter, ble heller ikke landskapet rundt like preget av hogst og beite som i seterområder med fast opphold gjennom hele sommeren. Slåtteseterbruket var forholdsvis vanlig fram til ca. 1970, men har i dag nærmest opphørt helt.

Også i områder med aktivt fullseter- eller melkeseterdrift er fjellskogen i frammarsj. Dette fordi det moderne seterbruket ikke har greid å opprettholde de driftsmåtene som engang skapte fjellets lysåpne beitelandskap. Dette fordi bl.a. storfeet i dag primært beiter på setervollenes innhegnede kulturenger, og ved at sauene går fritt i utmarka uten å ha setra som et daglig

utgangspunkt for sin beiteaktivitet. Mest betydningsfullt er imidlertid at fjellskogen ikke lenger utnyttes som varmekilde for framstilling av meieriprodukter eller til enkelte typer driftsbygninger og gjerder.

Kjelde:

Puschmann, O., Hofsten, J., Elgersma, A. 1999. Norske jordbrukslandskap. En inndeling i 10 jordbruksregioner. NIJOS-rapport 13/1999.

8. Frå tamrein til villrein

Området som Heieplanen tar for seg har i dag to nasjonale villreinområde; Setesdal Ryfylke villreinområde og Setesdal Austhei villreinområde.

Dei to områda har kvar si forvaltning, og også til dels kvar si historie. Heieplanen skal omhandle både desse områda.

8.1. Setesdal Ryfylke villreinområde:

Setesdal - Ryfylke (SR) er Noregs nest største og Europas sørlegaste villreinområde, prega av eit kupert fjellandskap med mange vatn og vassdrag. Området er på 6154 kvadratkilometer (<http://www.villrein.no>).

I 2009 vart vinterstamma rekna til å vera på 1500 dyr, medan bestandmålet for 2009-2013 er ei vinterstamme på 3000 dyr. I 2009 var felt 54 dyr i SVR, med ein fellingprosent på 20,5%. (<http://www.villrein.no>).

SR er fastlandsnorges mest marginale område for villrein. Vinterbeiteressursene er små og hardt belastet, og området har et utpreget kystklima. Høy nedbør, store snømengder og hyppig nedising av beitene preger området om vinteren. Villreinstammen her er derfor underlagt strenge, men naturgitte begrensninger, i tillegg til omfattende menneskelige inngrep og forstyrrelser i sentrale deler av området.

Det kupert fjellandskapet med mye nakent grunnfjell gjør at de produktive arealene stort sett er begrenset til dalfører og botner. Andelen uproduktivt areal - uten beite - er på hele 43 %.

Setesdal - Ryfylke er klart det villreinområdet hvor det er gjennomført flest vannkraftutbygginger. De største utbyggingene av betydning for villreinen er Roskreppfjorden i sør (1967), Svartevassmagasinet (1975), Stor Urar (1997) og Blåsjø (1987) sentralt i området, samt Botsvatn (1976) og Vatndalsvatnet (1983) i øst mot Setesdal. Det er bygget veier i tilknytning til etableringen av kraftverk, og et omfattende løypenett med tilhørende hytter for fotturisme.

SR omfatter deler av Vinje kommune i Telemark, deler av Bygland, Valle og Bykle kommuner i Aust-Agder, deler av Sirdal, Kvinesdal, Hægbostad og Åseral i Vest-Agder, deler av Gjesdal, Hjelmeland, Forsand og Suldal kommuner i Rogaland og deler av Odda kommune i Hordaland; 13 kommuner i 3 fylker.

Kilde: Kjetil Bevanger/Per Jordhøy: VILLREIN - fjellets nomade.

Mykje av dette området er i dag verna som landskapsvernområde, Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane (SVR).

8.2. Setesdal Austhei villreinområde

Setesdal Austhei vart definert som villreinområde i 1980 - og opna for villreinjakt i 1981. Inntil 1979 var det tamreindrift i området.

Setesdal Austhei villreinområde er på 2400 kvadratkilometer (<http://www.villrein.no>). Setesdal Austhei har i 2009 nådd bestandsmålet for perioden 2009-2013 med ei vinterstamme på 1500 dyr.

I 2009 vart det felt 409 dyr, med ein fellingsprosent på nærmare 50%.

Villreinområdet deles i to av veien mellom Valle og Tokke over Store Bjørnevattn. Austheia har mer innlandsklima enn Setesdal-Ryfylkeheiene. Nordområdet har mange fjellvidder og dekker 770 kvadratkilometer, mens sørområdet er mer skogspreget og dekker cirka 1600 kvadratkilometer. Det er minimal utveksling av dyr mellom sør- og nordområdet som følge av vei og hyttebebyggelse. Sørområdet blir stort sett forvaltet som eget område, mens nordområdet i praksis har felles vinterbeite med Setesdal-Ryfylkeheiene.

Villreinområdet berører syv kommuner i to fylker: Bykle, Valle, Åmli og Bygland i Aust-Agder- og Tokke, Fyresdal og Vinje i Telemark.

Kilde: Kjetil Bevanger/Per Jordhøy - VILLREIN - fjellets nomade.

Det er i dag landskapsområde nord i Bykle, Hovden Landskapsvernområde.

8.3. Villrein og tamrein

Storleiken på villreinstamma i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane har opp gjennom tidene variert med m.a. jaktpress, inn- og utvandring og rovdyrbestand. På 1700-talet var det ei nedgang i stamma, og det kom ei kongeleg formoding som fastsette jakttid og kvoteavgrensingar. I 1845 vart jakttida redusert til åtte månadar i året, i 1881 til 2 ½ månad og i 1889 til 14 dagar. Likevel var villreinen på 1900-talet mest utrydda i Setesdalsheiane. Frå 1902 – 1907 var reinen totalfreda (Bay 1994).

Det var også i denne tida . dr. philos Thv. Heiberg byrja å kjøpe opp heiane. Heiberg gjekk og kjøpte opp heiane frå fjellbøndene frå 1904-1913. Det vert sagt at både økonomiske interesser og jaktinteresse var motivet for oppkjøpet, iallefall heldt han eit strengt jakttoppsyn og ville bygge opp

Europas største villreinstamme.

Eigedomen fekk namnet Njardarheim veidemark, og fekk etterkvart også ein annen, noko uvanleg historie då Heiberg selde heieområdet til Vidkun Quisling i 1943. Etter krigen vart eigedomen ein kasteball mellom offentlege etatar, og vart i 1975 lagt inn under Miljøverndepartementet. I dag er det Statskog som eig og driftar eigedomen

Fellingsstatistikk i perioden 1940-1980 viser ei sterk oppgong i stamma på vestheiane frå 1940-1969. Då nådde jakta ein topp på 1200 felte dyr. Flyteljingar på 60-talet i tida før kalving visa 2-3000 dyr. I perioden 1970 – 80 låg sommarbestanden på 3000-3500 dyr, med eit gjennomsnitt på 372 felte dyr (Bjåen 1998). Noko villrein kom òg over frå Hardangervidda og blanda seg med tamreinflokkane. Mykje av villreinstamma i dag er etterkomarar av tamrein, samt restar av den opprinnelege villreinstamma.

Med bakgrunn i ViSa rapporten (Temarapp. 27 frå NINA) og historisk bakgrunn på Austheia i samband med tamreindriften må ein kanskje erkjenne at Austheia og Vestheia er ulike med tanke på reinstammene. I samband med regional planprosess må ein differensiere mellom desse to områda.

8.4. Tamreindrift i Setesdal Vesthei

Det er vanskeleg å sei nøyaktig når den fyrste tamreinen kom til Setedal. Ein veit at Olav Sognesand, Pilt Olav, frå Ryfylke prøvde seg med tamrein på 1700-talet. Og truleg har det vore andre som prøvde seg også. I andre fjellbygder var det på same måten, og vest for Hardangervidda hadde føregongsmannen Christopher Hjeltnes henta tamrein frå Røros alt i 1779. Tanken om å drive med reinsdyrhald spreidde seg til aust og vest. Reinen trong ikkje hus, dei klarte seg gjennom vinteren utan tilførd fôr, og gav både kjøt og huder. Desse fyrste tamreinsdriftene gjekk ikkje så bra, det var mykje rovdyr og eigarane heldt ikkje nok tilsyn med dyra.

I Fjellgardane i Bykle har det vore tamrein heilt frå 1830 åra, som spreidde tiltak. Tamreinholdet gjekk så attende, før det blømde opp att i 1830 åra. Då

gjekk bønder på ny i saman med å kjøpe opp dyreflokkar, og også samefamiliar kom sørover med reinsflokkane sine. (Fosstveit, T., Gjerden, K., 1989). Fleire av dei kom frå Hattfjelldal og Nord-Trøndelag, og somme hadde fleire stopp på ferda. M.a. er det fleire familiar som var ei stund på Hardangervidda før dei kom til Setesdal.

Utpå slutten av 1880 tok den organisera tamreindrifta seg opp att, ein epoke som varde samanhengande heilt fram til 1978. Det vart mindre ulv i heiane her på slutten av 1800-åra, og på same tid kom også fleire samar med flokkane sine til Hardangervidda, Bykle og Setesdalsheiane. Ein kan nemne Jon Andersen frå Hattfjelldal, som kom etter ei tid på fjellgarden Berunuten i Vinje til Bykle med omlag 1000 rein i 1886 (Gjerden, K., 1988).

Men den fyrste tamreindrifta i Setedal Vesthei som ein veit noko om sikkert, var i Hylestad på byrjinga av 1800 talet. Mot slutten av hundreåret kom det fleire samar sørover. I 1888 kom Jonas Johnsen til Vatnedalen med 2-3000 dyr. Noko seinare, i 1892, kom den velhavande reineigaren John Tomasen og kona Margretha Nilsson til Bykle med flokken sin på 4000 dyr. Dei kjøpte garden Brotteli og hadde beita sine i Botne-, Neslands- og Tveitenheiane fram til 1901. Også i Hylestad og Brokkeheiane var det familiar som dreiv med tamrein, og bønder frå Åmli og Berg i Valle kjøpte dei merkte dyra då samane reiste frå Setesdal. I Bygland stifta Juel Lund eit tamreinslag saman med byglendingar i 1895. Dei dreiv også i høg med sammen Jonas Jonson, og då han flutte flokken sin frå Rysstad-, Heggland-, og Langeidsheia til Bykle fylgde Juel Lund med nordover med dyra sine. Han løyste då ut dei andre byglendingane frå laget. Interesse for tamrein var truleg på topp like etter 1900. Fleire samar hadde flokkar i Valle- og Bykleheiane, og tamreinlag vart skipa.

Kring 1914 reiste mange av samefamiliarne som hadde halde seg i Setesdalsheiane nordover att. Nokre slo seg ned i fjellbygdene kring Hardangervidda eller austover mot Valdres, men etterkvart ser det ut til at dei fleste reiste nordover mot Trøndelag eller endå lenger.

Hovudgrunnen til flyttinga frå heiane i Setesdal denne gongen var dei store fjellviddene som dr. philos Thv. Heiberg fekk kjøpt av av fjellbøndene frå 1904-1913. Det vart då umogleg å drive med tamrein i dei tilgrensande fjellområda. Dei siste samane selde beiterettane sine til Heiberg før dei før, og dermed var det slutt med tamreinhaldet i dei sørlegaste heiane vest for Valle og Bykle. (Fosstveit, T., Gjerden, K. 1989).

8.5. Breive reindyrsamlag

Byglendingen Juel Lund var seinare ein av pådrivarane for å stifte Breive reindsdyrsamlag i 1903. Dette samlaget dreiv godt og var ei god inntektskjelde for fjellgardingane. I 1919 tolde flokken 1700 dyr. Selskapet vart då kjøpt opp av ingeniør Kaurin og fekk då ein aksjekapital på heile 350 000 kr. Dette oppkjøpet skapte store problem for tamreinlaget og dei lokale aksjeeigarane, og det enda med dom i retten i 1928 der dei gamle formennene frå Fjellgardane vart frikjende og Kaurin måtte betale saksomkostningane.

8.6. A/S Byklehei reinsamlag

Etter rettsaka og tvisten med Kaurin vart det stifta eit nytt samlag, i 1929. Det var samla 8 mann frå Breive, Bjåen, Hoslemo og Stavenes, og beiteeigarar både på austheia og vestheia vart spurde om å vera med som luteigarar. Målet var å få leige så store beite som mogleg. I dei nye beiteavtalane var Vatnedalen, Breiveheiane og over til Roalkvam, heiane kring Bjåen, Langevatn og Holmevatn og nordover mot Langesæ og Flothyl. På austheia gjekk beita heilt sørover til Valleheiane og aust til Byrte og Mo. Gjætarane var både innleigde samar og bygdefolk. På det meste talde flokken 3500 – 4000 dyr (Sigurd Bjåen pers. med.).

Flokken nytta beita til ulike tider av året. Austheia var stort sett vinterbeite, medan vestheia vart bruka til sommarbeite. I kalvinga vart simlene skilde frå bukkane. Simlene beitte på Enden og bukkane ved Langevatn. I frå slutten av mai og ut i august vart flokken gjætt om nettene. Kalvane vart merkte på tangane ut etter sommaren. Veringstangen, Storheddertangen og Kvikkjetangen vart mykje bruka. Slaktinga gjekk mykje føre seg på Galten og

Lundane. Andre stader der det var hegner til merking var på Bukkenuten og Venevatn. Dei hadde også hegner til merking ned i Finndalen.

Tiåret før krigen var ei god tid for reinsamlaget medan krigsåra var ei vanskeleg tid. Tyskarane kravde at selskapet skulle levere kjøt. Styret for tamreinlaget måtte bruke alle slags krokvegar for å vri seg ut av dette. Det gjorde også sitt til at flokken vaks og vart lite handtera.

I 50-åra byrja ein del beiteeigarar å seie opp beitekontraktene, særleg i Telemark på austheia og nordområda mellom Langesæ og Viviki med Holmevatn. Her vart det på same tid søkt om villreinjakt.

8.1. Frå høgsterettsdomen frå 1957 til avviklinga i 1979

I 1957 var det også ei rettsak som gjekk til Høgsterett om kven som åtte reinen på Austheia. Og domen var samrøystes: All rein på aust for Otra hørde til reinsamlaget.

I 1960-70 åra slo fleire byklarar lag med valldølar og telemarkingar og sa opp beita. Og fleire søkte om villreinjakt i beiteområda. Ein ser også at byråsjef Helge Christensen i Landbruksdepartementet pressa på for å få reinflokken registrert som villrein. Mange meiner at tamreinlaget fekk ei urimeleg behandling av landbruksdepartementet dei siste åra. Tamreinlaget hadde høgsterettsdom på at all rein på austheia tilhørde dei, men vart likevel melde for å ha slakta umerka rein. I 1977 var det forhandlingar med departementet, men dei førde lite fram. Pengane for slaktingane i 1976 og 1977 skulle tilfalle staten, kr. 731.319. Dette var store summar for dei 60 luteigarane, som hadde lagt ned mykje kapital i laget. Driftskapitalen til laget gjekk også med til dette, og laget stod svakt. Departementet sette fristen for å slakte ned til 31. desember 1978, altså berre eitt år. Flokken då talde omkring 4000 dyr. Etter denne datoen skulle flokken høyre til staten og sjåast på som villrein, utan noko som helst vederlag. Etter Gjerden (1988) ser det ut som at ekspedisjons-sjef Helge Christensen bruka makta si på tvers av høgsterettsdomen.

På midten av 80-talet vart selskapet formelt nedlagt (Sigurd Bjåen pers. med.) Det var avslutninga på ei utmarksnæring som hadde vart i over 100 år i Setesdalheiane.

8.2. Genar og åtferd – tamrein og villrein

I dag er mykje av villreinen me har i Setesdalsheiane etterkomarar av tamrein frå 1970-talet. Særleg gjeld det austheiane, der det ikkje var villrein så lenge dei dreiv med tamrein. Der hadde dei til og med høgsteretttdom frå 1954 på at all rein skulle reknast som tamrein.

I nordområda spreidde flokken seg etter nedlegginga både til austheia og vestheia. Nokre vart også sett på Hardangervidda, ved Møsstrand (Sigurd Bjåen pers. med.)

Dei fyrste åra med villreinjakt i Setesdal Austhei og nord i Vestheia vart det skote fleire merka dyr, til og med med bjelle. Ein såg også heile flokken ofte kom ned på innmarka og laga store problem for gardbrukarane. (Eg sjølv, Ragnhild, var med og bar heim eit merka dyr etter villreinjakt i Halsnuten i vestheia då eg var 14 år , ca. i 1986).

Lenger sør i Bykle og Valle og Bygland, er det ei gjeldande oppfatning at reinen på austheia er heilt annleis å drive jakt på enn reinen på vestheiane. Ein har også observasjonar frå anleggsområde i aust, kring Borsæ i Tokke, der reinen går og beiter midt mellom maskintrafikk og helikopterflyging.

Kan dette skuldast genane til reinen i dei to heieområda?

Ein kan tenkje seg at villreinen i austheiane og i nordområda i Bykle har ein høgare frekvens av tamrein-genar enn reinen sør og vest i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane.

Ulike forsøk frå andre stader i landet viser at både genar og tilvenjing til menneskeleg aktivitet kan ha noko å sei for kor vår reinen er for menneske, altså kor fort han rømer eller kor langt unna menneskeleg aktivitet reinen held seg.

I Setesdalsheiane har det ikkje vore gjort slike forsøk. Det kunne ha vore ynskjeleg, av di at i ein debatt som dette stadig vil få **påstandar** som anten støttar eller avkreftar ei slik hypotese. Dette kan også få innverknad på kor ein set grensene for eit leveområde for villrein, eller korleis ein tenkjer seg at reinen vil bruke området.

Med bakgrunn i fakta om området og desse hendingane som er omtalt ovafor fram til “bestillingsbrevet” kan det reisast spørsmål om det er fagleg grunnlag for å definere Setesdal Austhei som “Villrein-område”, på linje med Setesdal Veshei/Ryfylkeheiane og Hardanger-vidda.

Med bakgrunn i ViSa rapporten og historisk bakgrunn på Austheia i samband med tamreindrifta må ein kanskje erkjenne at Austheia og Vestheia er ulike med tanke på reinstammane. I samband med regional planprosess må ein differensiere mellom desse to områda.

På Austheia har menneskje og rein levd side om side over eit langt historisk perspektiv. Reinen har beita i områda rundt støylane og vore med på å oppretthalde det opne beitelandskapet. Ettersom det i hovudsak her har vore tamrein, har nok denne ein større toleransegrad for menneskeleg inngrep og aktivitet enn på Vestheia. Dette fortel også dei som har drive årelang jakt i vest- og austhei. Dersom ein tar desse opplysningane med i vurderingane til regional plan ser ein det som fornuftig å differensiere forvaltninga i Austheia og Vestheia. Difor er desse to områda vist med ulik farge i forslaget til avgrensing av områda. På Austheia må det tilretteleggast med føresegn som gir rom for meir menneskeleg aktivitet enn på Vestheia, med bakgrunn i reinen si toleevne til å godtake menneskeleg aktivitet.

9. Innspel

9.0 "Bestillingsbrevet"

Setesdal Austhei-prosessen som del av nasjonalt villreinområde.

Område 1 er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og område 2 er Setesdal Austhei. Begge er karakterisert som grønne område med opphavelig villrein. Nokre andre område er farga orange der det er sagt at det er villrein med opphav i forvilla eller utsett tamrein.

Dette er likevel kommentert slik: "Det har også vært tamreindrift i Setesdal Austhei. Forvillet tamrein har siden til en viss grad blandet seg med den opprinnelige villreinen på Hardanger-vidda, I Nordfjella og i Setesdal Ryfylkeheiane. Villrein fra diss tre store områdene finner vi også igjen i en rekke omkringliggende og mindre villreinområder, slik som Lærdal-Årdal, Blefjell, Brattfjell- Vindeggen, Setesdal Austhei og Våmur -Roan".

Setesdal Austhei vart ikkje føreslege som nasjonalt villreinområde. Det vart Setesdal Vesthei, Hardangervidda og Nordfjella. Dette vart gjort ut frå det at ein alt då såg at kompromiss og differensiert forvaltning er nødvendig for å få eit ekstra vern på nokre område, s 71 i ViSa -rapporten.

Stortingmelding 21 2004-2005, side 134: "Regjeringen vil gi villreinområder som er spesielt viktige for artens fremtid i Norge status som "nasjonal villreinområder" Avgrensing og innhold skal avklares gjennom regionale planprosesser."

I same stortingsmelding står det at kulturlandskap skal sikrast mot attgroing, s 135.

Møtet i Valle den 24. april 2006, initiert av Ordføraren i Valle, påpeika kor viktig det var å skilje mellom desse 2 områda.

Brev frå Valle kommune dagsett den 12.07.2006 går i mot at Fylkesmennene no tek til orde for at Austheia skal vere med i Nasjonalt villreinområde, jfr. deira brev 24.05.05.

Fylkesmennene ber DN i brev av 25.07.2006 om å vurdere å utsette spørsmålet om samanslåing av villreinområda til etter at den regionale planprosessen er gjennomført.

I bestillingsbrevet frå MD 12 .04.07 har Setesdal Austhei fått status som nasjonalt villrein-område. Dette er grunngeve med at dei to områda heng så nært saman funksjonelt med stor grad av utveksling av dyr, slik at det er

trong for å sjå desse to villreinområda i saman-heng når det gjeld bestandsforvaltning og arealforvaltning.

Når ein ser på ViSa-rapporten ser ein klart at det er gjort ei prioritering utifrå det faktum at skal ein ta vare på nokre villreinområde, må det vere andre område der ikkje forvaltings-regimet er så rigid og strengt. Dette gjer ein gjennom soneinndeling og differensiert for-valting. Områda er valde ut utifrå storleik, kvalitet og verdi som villreinområde, ulike stammar sin genetikk og opphav.

ViSa-rapporten har også teke til orde for at villrein er eit kvalitetsstempel for levande fjell-bygder. Dette faktum har gjort at ViSa-rapporten har differensiert områda og mellom anna ikkje teke med Setesdal Austhei i nasjonalt villreinområde. Ein kan vel og stille seg det spørsmålet om ein har lukkast med ei felles stammeforvaltning.

Miljøverndepartementet har altså ikkje følgd ViSa-rapporten si faglege vurdering ved oppretting av nasjonale villreinområde. Det har heller ikkje følgd oppmodinga frå Valle kommune.

Det er ikkje grunn til å tru at det var ein glipp frå ViSa-gruppa ikkje å innleme Setesdal Austhei, men heller ei vurdering av at skal ein få til noko må ein differensiere forvaltninga.

Det har også vist seg gjennom GPS-merke-prosjektet at utvekslinga av dyr aust-vest i Setesdal er mindre enn det ein trudde på førehand.

Med bakgrunn i fakta om området og desse hendingane som er omtalt ovafor fram til "bestillingsbrevet" kan det reisast spørsmål om det er fagleg grunnlag for å definere Setesdal Austhei som "Villrein-område", på linje med Setesdal Veshei/Ryfylkeheiane og Hardanger-vidda.

9.1. Soneinndeling og kartpresentasjon, regional plan

Kommunane i Setesdal vil gå inn for at det vert nytta berre 2 soner:

- ❖ 1 omsynssone for Bygdeutvikling
- ❖ 1 omsynssone for rein

Sjå kartvedlegg.

Røynslene frå bruk av randsoner er ikkje gode, i dei aller fleste saker er det vernet eller kraftinteressene som har vunne arealkampen og ikkje bygdeinteressene når arealspørsmål vert teke opp.

Innafor omsynssona for villrein kan det synast andre interesser med sidestilt og lågare prioritet, så som støylar, o.l.

9.2. Omsynssone 1 Bygdeutvikling

Dette er arealet som strekkjer seg frå dalbotnen aust- og vestover i dalføret med opptil fleire kilometer (10-12 km på det lengste), med vekslande breidde. Denne sona med heimskog og heimhei er viktig for bygdelaga med sikte på å kunne utvikle aktivitetstilbod både for reiseliv og for busette elles.

Ei slik sone vil vera viktig for bygdeutvikling og stimulere til busetjing og verksemd, både innan primær- og tertiærnæringar.

For bygdene i Setesdal er landbruk, skogbruk og andre naturbaserte næringar viktige i dag. I framtida er det også viktig å sikre at slike næringar kan vekse, t.d. innan landbruket. Det er i dag hovudvekt av små gardsbruk i Setesdal, og ei allsidig drift er naudsynt for å kunne overleve. Desse næringane er også svært viktig for å kunne oppretthalde den spreidde busetjinga som er i dalen vår, og gjev arbeidsplassar som vanskeleg kan erstattast. Dyrking av jord, beiting med husdyr, hogst, biobrenselsentralar og skogsbilvegar er tiltak som bør kunne utviklast i denne sona.

Busetnaden og dei levande bygdene er også viktige for reiselivet. Likeeins at ein har høve til å tilretteleggje for aktivitetar, både for fastbuande og tilreisande. Det vil vere aktuelt å leggje opp til små tilretteleggingar som gapahukar, stiar, skiløyper, kulturstiar, rasteplassar på utsiktspunkt m.m.

For bygdefolk er nærleiken til naturen og mogelegheit for å drive med aktivitetar som jakt, fjellturar og skigåing viktige for trivnaden. Slike aktivitetar er ein naturleg del av kulturen i bygdene, og har sterke tradisjonar mellom innbyggjarane, jfr. Folkemøte i "Ideverkstadane".

I Setesdal er reiseliv ei viktig næring. Det er mange som køyrer opp dalføret, til hytter, hotell og skisenter. Med den korte reisetida frå Danmark og kontinentet har også mange frå utlandet som køyrer opp Setesdal på veg til m.a. Vestlandet.

Både internasjonalt og nasjonalt er dei førande trendane i dag innan reiseliv og opplevingsturisme natur- og kulturbaserte opplevingar. Omgrep som økoturisme, "grøn turisme" og geoturisme vil vere ein viktig del av det framtidige reiselivet. Dette er også den gruppa av reisande som aukar raskast på verdsbasis. Andre stikkord er at dei er kresne, har gode ressursar og legg att mykje pengar på den staden dei reiser til. Men dei søker opplevingar som er ekte og autentiske, som gjev innhald og mening. Bygdene i Noreg er difor viktige for reiselivet i framtida, likeeins er kulturlandskapet med på å gje dei reisande gode opplevingar. I Setesdal ser ein at attgroing er eit av dei største utfordringane for å ta vare på det gamle landskapet. Både skjøtseltiltak, beitedyr og bruk av skogen er naudsynte for å halde eit ope landskap.

Økoturisme er en voksende global "merkevare". I stadig flere land vil nasjonale kvalitetsmerker bidra til å sikre god kvalitet og høy miljøprofil på økoturismeprodukter verden over.

The International Ecotourism Society (TIES) har følgende profil på den internasjonale økoturisten (1999):

- *Alder 35 - 54 år, med variasjoner på ulik type aktivitet og inntekt*
- *Kjønn: 50 % kvinner og 50 % menn*
- *Utdannelse: 82 % har utdanning på høyskole eller universitetsnivå*
- *Reisesammensetning: 60 % ønsker å reise som et par, 15 % reiser med barn og 13 % reiser alene*
- *Reisetid: Over 50 % av økoturister ønsker turer som varer 8-14 dager*
- *Forbruk: Økoturisten forbruker mer enn andre turister: 26 % av disse brukte mellom \$1001-1500 pr reise*
- *Viktige elementer for økoturisten: villmark, ville dyr, vandring*
- *Motivasjon for fremtidige turer: oppleve landskap og natur, oppleve nye steder og erfaringer*

I mars 2005 kåret tidsskriftet National Geographic norske fjorder til verdens beste reisemål! Ren natur og høy miljøprofil var en viktig del av begrunnelsen. Dette har stor markedsverdi for Norge, men for at Norge ikke skal miste troverdighet stiller det også krav til at vi faktisk fremviser en miljøbevisst reiselivsnæring, forvalter våre naturattraksjoner på en bærekraftig måte og forbereder oss på en betydelig økt interesse for norsk natur.

<http://ekstranett.innovasjon norge.no/>

Bærekraftig reiseliv

Et bærekraftig reiseliv er et reiseliv som strekker seg lengre enn til kortsiktige prioriteringer. Et bærekraftig reiseliv fokuserer ikke bare på fordelene for de reisende, men også reiselivets innvirkning for mennesker på stedene som besøkes, og for verdiene i natur, kultur og lokalsamfunn.

*Norge som reiselivsdestinasjon er helt unikt når det gjelder disse verdiene. Her finnes **natur, luft, vann** – og variasjoner mellom disse. Og vi har spredt bosetting. Det betyr at vi har levende lokalsamfunn i hele landet, med nok plass til både oss selv og reisende.*

Men våre unike natur- og kulturressurser må ivaretas for at kommende generasjoner skal gis samme opplevelsesmuligheter. Bærekraft i reiselivet knyttes derfor til ansvarlighet, kvalitet og langsiktighet. Globalt er bærekraftig reiseliv (sustainable tourism) et sterkt voksende segment, og det er liten tvil om at dette er et lønnsomt segment.

<http://www.innovasjon norge.no/Satsinger/Reiseliv/Barekraftig-reiseliv/>

I denne bygdeutviklingssona vil ein også finne areal til hyttebygging. Og i den samanheng er det Bjørnevatn og Brokke som vil utgjere tyngdepunkta i valle kommune, jfr. gjeldande kommuneplanar. I Bygland vil det vere Skomeheia, Reiårsvatn og Hovatn som skal peikast ut, jfr. kommuneplan-forslag. I Bykle ligg tyngda av hytte- og destinasjonsutbygging på Hovden, sentrumsnært. Midtregionen sør for Hovden står med 450 hytter for realisering i gjeldande kommuneplan og av denne kvoten er bortimot alt ferdig detaljregulert. Overordna reguleringsplan heimlar utarbeiding av detaljplanar i området. Områda Glidbjørg og Stavenes vil også vere arena for hyttebygging i medhald av overordna plan.

Skiløyper er viktig på Hovden aust- og vesthei og kommunedelplan for løyper må vidareførast, også med samanknytning av Midtregionen. Bjørnevatn har løyper i vestre delen av store Bjørnevatn og inn mot Husebøvatnet. Desse vert nytta i stor grad av bygdefolk og i samband med skitevlingar. I Brokkehei er det også løypeanlegg og planar om ytterlager utvidinga innover mot Myklevatn og Hovdevatn. Målet er å heimle løypetrasear i ein løypeplan med kommuneplanstatus. På visse tider av vinterhalvåret må Brokke-Suleskardvegen kunna nyttast heilt inn til Kvislevass-skardet. Samanbinding til Uppstad Fjellgrend er naturleg. Lenger sør i Bygland austhei er det Tangen som er skiarena. På vestheia er det Reiårsvatn som har skiutfart og knyter Skomehei og Borteli saman.

Denne sona bør forvaltas etter kommuneplanen sin arealdel, der dei ulike aktivitetane vert regulert etter korleis dei naturlege tilhøva er. I dag vert det også i desse planane teke stor omsyn til rein og reinen si bruk av området, t.d. trekkvegar og kalvingsområde.

9.3. Omsynssone 2 Villrein

I denne sona har reinen førerrett og må takast omsyn til ved disponering av heiemark. Føresegner til bruk av områda må likevel ikkje leggje hindringar i vegen for beitebruk til sau og storfe i denne sona. Vidare må støylar og driftshusvere gjevast høve til å oppgraderast i høveleg omfang, jfr. nedanfor. Ferdslar frå bygdelaga inn til støylar i aust- og vesthei må kunna føregå også med skoter i høve til særlov og fylgje gamle støylsvegar på tvers av heia.

Gjennom tidene har aktivt støylsliv vore god bidragsytar til eit godt beitegrunnlag for rein. Samspelet mellom beitande husdyr og rein er eit faktum.

Denne sona skal verte forvalta etter føringar frå regional plan.

9.4. Bruk og vern, ulikt bruk over året, verning og bruk i tidssoner

Der det er konflikt mellom brukarar i heieområda må det skapast løysingar som kan regulere aktivitet gjennom året. Til dømes rein-kalving føregår berre i ei avgrensa tid på året og kalvingsområda treng ikkje gå tapt om same arealet vert aktivt nytta til anna i den tida av året som kalving ikkje føregår.

9.5. Driftshusvere

For å nytte ressursane i hei og utmark må det vera høve til å rehabilitere støylar og driftshusvere etter vedtekne føresegner, til dømes slike (sitat frå Hardangervidda-planen):

I medhold av plan- og bygningsloven deles "utmarksnæringar" i

- 1. "landbruks utmarksnæringar" definert som støling, beitebruk, egen jakt og fiske, og foredling av fisk.*
- 2. "annen utmarksnæring" som opplevelsesnæring (guiding) og utleie av jakt- og fiskerettigheter*

Grunneiere som driver tradisjonelle utmarksnæring (støling, beitebruk, egen jakt og fiske, og foredling av fisk) kan bygge,

rehabiliter og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen. Det skal skje etter gjeldende regler for byggesaksbehandling, og trenger ingen nærmere planavklaring. Generelt forutsettes følgende rammer:

Støler kan rehabiliteres og videreutvikles forutsatt form, størrelse og byggehøyder i samsvar med stedets tradisjon for stølsbygg.

Driftshusvære skal ha form, størrelse og byggehøyder i samsvar med stedets tradisjon for driftshusvære.

Grunneiere som driver "annen utmarksnæring", som opplevelsesnæring (guiding) og utleie av jakt- og fiskerettigheter, kan bygge næringsbygg for dette formålet etter nærmere planavklaring. Avklaringen av omfang og endelig lokalisering skal skje i kommuneplanleggingen gjennom å avsette arealer for Lnf med spredt næring.

Næringsbyggene skal ha form, størrelse og byggehøyder i samsvar med stedets tradisjon for driftshusvære.

Alle byggetiltak forutsettes å skje i tilknytning til dokumenterbare utmarksnæringer. Lokalisering av alle nye bygg skal skje i minst mulig konflikt med villreinens arealbruk.

Støler, driftshusvære og næringsbygg kan ikke skilles fra hovedbruket, jfr. plan- og bygningsloven og jordloven.

9.6. Kalvingsområde

Lokal kunnskap om funksjonsområde for reinen reiser tvil om fleire lokalitetar som er vist på funksjonskartet. Særleg gjeld dette kalvingsområde i Bygland og Valle Austhei. Avsette omsynssoner for kalving må avgrensast til definerte leveområde for reinen og trekkjast vesentleg lengre mot nord og aust.

9.7. Motorisert ferdsle

Gjennom alle tider har det vore stor menneskeferdsel i heiestrekningane, sommar som vinter. Busetnaden talde for 150 år sidan det dobbelte av det som er notildags og heiane var kjelde til amt og levebrød og vart såleis aktivt nytta. Hundretals støylsbuer og titals ferdavegar på tvers av heia vitnar den dag i dag om dette. I dag er ferdsla naturleg nok meir motorisert og dette må

kunna oppretthaldast i eit omfang som stettar intensjonane i motorferdsel-lova. Ferdsel lyt føregå innan løypesystemet som er fastlagt som minneleg ordning, stort sett med utgangspunkt i gamle støylsvegar.

I Vasstrøm sin arbeidsrapport frå framtidsverkstadene i kommunane vert dette med scooterkjøring drøfta. Kommunane er klar over problematikken, men ein må også sjå på det som "naudsynt" for å oppretthalde "det tradisjonelle liv på heiane" og fritidslivet i tilknytning til støylane. Dette er att noko som skaper bulyst i bygdene. Reguleringar og løypetrasear er med på å styre denne ferdsla slik at ein ikkje skaper unødige uroingar for reinen.

9.8. Auka verdiskaping i jordbruk og beitebruk

Beitekartlegging vil kunne syne at det er utømelege ressursar innan heiestrekningane som er under planlegging. Det er såleis eit objektivt grunnlag for å mangedoble verdiskapinga i jordbruket i bygdene. Sauebeiting er ikkje nødvendigvis i konflikt med beiting av tam- eller vill rein, kanskje heller det motsette, når beitetrykket er avstemt.

Ikkje berre beiting av sau vil vere aktuelt i framtida. Storfe vil også kunne verte på nytt ein brukar av heiebeitet, slik det var for 50-80 år sidan då buskapar med samla dyretal i austheia på 4-500 naut på strekninga Rv45 til kommunegrense i sør. Eit erklært leveområde for rein må ikkje fortrenge potensialet for beiting av husdyr. Desse levde godt ilag tidlegare og kan gjere det også i framtida.

Ein kan også tenkje seg at ei aktiv støylsdrift i heiane, med beitedyr om sommaren, vil kunne betre beitet for reinen utover hausten når husdyra har vorte teke ned.

9.9. Auka verdiskaping i skogbruk, bioenergi

Innan planområdet er det store område med fjellbjørkeskog. I sørlege delar, er det også barskog i stort omfang. Rimeleg tilgong til ved er faktisk den enklaste og billegaste måten å auke bioenergien sitt bidrag til energiforsyninga. Regional plan kan medverke til å legge til rette for meir bruk av fjellskogen.

Desse fjellskogane har vore mykje hausta heilt frå jarnvinningstidi fram til 1950-talet og ein veit at både skogen og reinen toler slik hausting. Konkret inneber dette at det må kunna lagast enkle haustingsvegar og opplagsplassar.

9.10. Busetjing på heiegardane

Gardane opp mot skoggrensa og NVO må sikrast utviklingsareal. Dette gjeld i hovudsak gardane Bjåen, Breive, Ørnefjell, Geiskelid, Berdalen, Holsemo, Glidbjørg og Stavenes. Fleire av gardane ligg opp mot skoggrensa, med det høgste gardsbruket på Bjåen på 900 m.o.h. Gardane her har fast busetnad og fleire driv aktivt med jordbruk og husdyrhald.

Det har til alle tider vore god sameksistens mellom folk og rein, og reinen vert teke omsyn til i det daglege. Men dei som bur i bygdene opplever avgrensingar i ulike regelverk og enkeltvedtak og meiner det er behov for spesielle rammevilkår som kan stimulere til busetjing og opphald meir enn å lage vanskar for å sikre grunnlag for ny busetjing og drift.

9.11. Turistløyper og skiløyper

Oppkøyrde skiløyper og merka stiar sommartid er viktige både for trivnad for bygdefolk og som eit aktivitetstilbod til hyttebuarar og tilreisande.

I Bykle har dei ein kommunedelplan for tur- og skiløyper, vedteke av Kommunestyret 26.06.2008. Her vart det laga eit dialogbasert kart, tufta på både lokal kunnskap og "fagleg" vurderingar av både lokal kunnskap og "fagleg" vurderingar av viltforvaltar hjå Fylkesmannen, villreinnemnda og SNO. Denne planen og måten den vart laga på har ein gode erfaringar med i Bykle kommune. Ein krev også at villrein- / løypekartet vert lagt til grunn når "Sone 2 Villrein" skal grensesetjast.

Ei anna problemstilling i Bykle og SVR er DNT sitt løypenett aust for Blåsjø, gjennom Steinsbuskardet. Her er det store delar av året ferdselforbod, og dersom ein skal redusere talet på løyper i heiane bør denne og andre DNT-løyper vurderast nøye. Merkte løyper bør heller prioriterast nærre bygdene.

9.12. Hyttebygging

Kommunane i Setesdal er store hyttekommunar, med Bykle kommune som desidert største verten for hyttesøkjande. Den regionale verdiskapinga som har skjedd berre gjennom dei siste 10 åra er formidabel, her er det snakk om fleire milliardar kroner, knytt til utbygging av infrastruktur, produksjon av hyttebygg og fellesanlegg. Hyttebygging skal satsast vidare på og dette skal skje i Bygdeutviklingssona, styrt gjennom kommunane sine kommuneplanar.

For Bykle kommune vil satsingsområda vere: Hovden og Midtregionen (sør for Hovden i ei strekning på 7-8 km).

For Valle kommune: Bjørnevatn, Uppstad heimhei, Rysstad heimhei og Brokke.

For Bygland kommune: Reiårsvatn, Skomeheia, Hovatn, Voilevatna/Tangen. Eit visst omfang vil også føregå i tilknytning til fjorden.

Utover desse hovudområda i kvar kommune vil det også i mindre skala føregå hyttebygging, men ikkje i stor kommersiell skala. Hovden og Brokke vil ha status som "Destinasjonar" med utbygging av fellesanlegg og infrastruktur som høyrer med til eit moderne reisemål.

9.13. Ny kunnskap/nye måtar å nytte heieressursane på, tidstilpassa bruk

Med den kunnskapen ein i dag har om kvar reinflokkane er og resultat av ulike rapportar, kan ein nytte areala innafor reinens leveområde på andre måtar enn før. Dette kan gjelde for:

- organiserte fotturar
- organiserte opplegg knytt til jakt og fiske og oppsett av mellombels lavvo til dette bruk
- etablering av rasteplassar/utkikks plassar og annan småskala tilrettelegging for å oppleve attraksjonar
- organisert køyring med hundespann

- ride- og kløvturar med hest
- omlegging av løyper og stiar, merking og preparering av skiløyper
- aktivitetar som kiting, paragliding og snorrafting
- skjøtsel for å ivaretake biomangfald

9.14. "Villreinkartet" sett i høve til planprosess

Sjølve "Villreinkartet" som vart utarbeidd av Villreinsenteret Sør har skapa mykje frustrasjon i denne prosessen. Planprogrammet er tydeleg på lokal forankring, samt at kunnskapsbasert planlegging vart framheva som fundament for vedtaksprosessen i planen. Då kartet vart presentert av Villreinsenteret Sør vart det lagt vekt på at det var eit fagleg kart som skulle danne grunnlag for politiske vedtak, men at det fagleg sett var indiskutabelt. (Revsnesmøtet i nov. 2009 og Vasstrøm 2010).

Måten kartet vart presentert på er ulik all form for planlegging. I tillegg vart kartet oppfatta som udiskutabelt, og på ein arrogant måte vart alle motseiingar mot kartet avfeia.

Arbeidet med kartet har teke lite eller inkje omsyn til lokal kunnskap eller tidlegare arbeid, som t.d. tur- og løypeplanen til Bykle kommune. Ein har heller ikkje fått gode svar om korleis ein skal oppfatte sonene og grensene som er sett på kartet. I og med at dette kartet var det einaste kommunane hadde å gå ut i frå i byrjinga med planarbeidet fekk det alt for stort fokus og ein har bruka mykje tid berre på å tolke kartet. Rapporten som skal fylgje kartet er pr. i dag heller ikkje ferdig, noko som er svært uheldig. Ein har vore nøydd til å drøfte kartet utan å vita kva som ligg bak.

Kartet har også vorte nytta av Fylkesmannsembetet som motsegn på kommuneplanar, og har såleis vorte misbruka. Embetet har bede om orsak for slik bruk.

I ettertid har dette vorte korrigert til at kartet er eit innspel til dette planarbeidet.

Det er med stor grunn ein kan stille eit stort spørsmål om kor kunnskaps-
basert dette kartet er. Det er ei klåroppfatning av at den lokale kunnskapen
ikkje har vorte teken omsyn til, og det kan dragast i tvil kor godt dokumentert
opplysningane som er bruka i kartet er.

Det vil vere eit krav at kommunane sine egne godkjende arbeid, t.d. Bykle sitt
tur- og løypekart, vert teke inn i det endeleg plankartet.

Kommunane oppfattar villreinkartet som eit innspel på lik line som komm-
unane sine innspel.

9.15. Framtida til heia og til lokalsamfunna

I Setesdal

*Det er langt å vandre
over dei aude furumoane
i Setesdal
for den som har rodd
over vikan ved sjøkanten.*

*Det er dauvleg å rusle
under dei bratte fjell
i Setesdal
for den som har trødd
mellom knaustar og eikelauv.*

*Det er heimsleg å gange
kring dei små gudshus
i Setesdal
for den som har slekt
under steinan og trekrossan.*

*Det er sælt å stige
inn i dei opne hjarto
i Setesdal
for den som har frose
i menneskemylderet.*

(Olav Mosdøl: Røter. Dikt i utval)

Kva framtid har så desse små bygdene, grendene og sentra som ligg så tett opp til heiane ? Det er små lokalsamfunn som har tette band til tradisjonar, fjell, vatn og vilt. Dei er sterke på samhald og kultur, men kan vera sårbare ovanfor storsamfunnet og utfordringane med å vera ein attraktiv stad å busetje seg og arbeide på. Landbruk, skogsdrift og reiseliv saman med tenesteyting har vore pilarane i næringsamanheng. På fleire av desse områda er det ei negativ utvikling over heile landet, einingane er små og tungdrivne, og ein vert oppmoda om å tenke alternativt og allsidig – noko bønder og skogbrukarar og heiefolk i Setesdal til kvar ei tid har gjort.

Kanskje vert også i framtida den viktigaste ressursen heiane våre. Ikkje fyrst og fremst som potensielle utbyggingsområde, men som identitetskapar og noko som gjev mening for dei som lever her og dei som kjem som tilreisande. Kultur og tradisjonar har stor verdi både for fastbuande og dei som kjem på besøk.

Som eit svar på potensielle negative verknadar av globalisering, har sentrale politiske og økonomiske aktørar som EU og OECD oppmoda sårbare lokalsamfunn og regionar om å reindyrke biletet av staden, samt utvikla strategiar for transformering av lokal kunnskap til ressursar for økonomisk og kulturell utvikling. Slike strategiar vert definert som ei kulturøkonomisk tilnærming til bygdeutvikling (Lønning 2002). Målsetjingane er for det fyrste å utvikle nye salsprodukt for intern og ekstern marknadsføring, og for det andre å kunne produsere nye feste og utgangspunkt for lokal kultur og identitet. Ein

viktig del av denne prosessen er definering av heilskapelege utviklingsvegar og satsingar tufta på stadleg særpreg. Kunnskapane / ressursane kan finnast innanfor t.d. mat, språk, kunst og handverk, musikk, historiske stader og hendingar, mytologi og folklore, litteratur samt landskap, natur og fauna. Ein bør då fokusere i større grad på staden som heilskap som utgangspunkt for økonomisk og kulturell vekst. I denne kulturøkonomien er *identitet* ein av grunnpilarane. I dagens "forflata" og kulturelt utjamna samfunn er det ein veksande marknad for "varer" som kan kommuniserast og appellera til *kjensler*, og ikkje minst som kan fortelje ei *historie*. Omgrep som "annleis", "autentisk" og "eksotisk" vert viktige, også økonomisk. Bygder og landbruket har eit spesielt potensiale her. Føresetnaden for realisering er likevel at ein tar vare på og vidareutviklar den tradisjonelle bygda som nettopp "annleis". I landbruket kan ein i staden for å fokusere på volum i produksjonen sjå på marknaden for "kvalitet og trygg mat", "eksotiske opplevingar" og varer og tenester med utprega lokal karakter. Paradokset med at i dagens samfunnet har me gjerne eit ynskje om "det same" på same tid som me vil vera og finna "det som er annleis". I dette paradokset har bygda eit stort potensiale, den har framleis i seg det "ekte, autentiske og annleis". (Lønning 2002).

Ein ser av planprogrammet i Heieplanen at visjonane er store og har mykje sams med det Lønning skriv om. Ein vil her både stimulere til verdiskaping i bygdene og å ta vare på villreinen. Det skal fokuserast på "bruk, vern og verdiskaping".

På same tid så har me som lever her i desse bygdene midt i villreinens leveområde ein del tidlegare erfaringar med verneområde, randsoneproblematikk og storsamfunnet sine inngrep m.a. med kraftliner, der innbyggjarane sitt initiativ og motsegner ikkje har vorte teke omsyn til. Ein er i denne prosessen også redd for at det vil verte på same måten, og ein må vel sei at starten av prosessen har vore noko uheldig.

For å kunne byggje opp identitet og sjølvkjensel til eit bygdesamfunn, der ein er stolt av det ein har og det ein kan, treng ein også at den lokale kunnskapen vert høyrte og anerkjent av dei som sit med den "lærde kunnskapen". Då vil ein også kunne kommunikasjon der ein er på "likefot". Denne identiteten og sjølvkjensla er også viktig for å utvikle næring tufta på tradisjonar og det som er "ekte". Dersom ein ikkje har denne identitetskjensla, kan ein fort ville dreie seg mot det ein "trur" er attraktivt.

Ein ser at i Setesdal har innbyggjarane både stoltheit og kjærleik til heiane, og det er det viktig å "dyrke" vidare.

Dette føreset også at styresmaktene har tru på at lokalsamfunna kan og vil det beste – både for reinen og dei som bur her. På den andre sida krev det at det vert satsa på å byggje opp og føre vidare kunnskap hjå innbyggjarane, både den "handlingsborne" og den lærde kunnskapen.

Det er difor også uheldig at denne prosessen har ei så stram tidslinje. Det kunne vera ynskjeleg å få arbeide vidare med innspela på lokalt hald, og at ein har tid til å drøfte vidare løysingar.

Det er viktig å få gjennomslag for denne føreslegne soneinndelinga som er skissert av di ein meiner at kommunane må få forvalte **bygdeutviklingssona** lokalt, og at den tradisjonelle bruken av heiane må få halde fram, både av næringsmessige grunnar og ikkje minst for å sikre at tradisjonar og kultur vil kunne førast vidare.

Villreinen

*Villreinen
i spranget
er flyktig
som vinden
og dristig
til døden.*

*Har du sett
reinen
i fjellet
skjelv det
eit spor
i ditt sinn.*

(Olav Mosdøl: Røter. Dikt i utval)

9.16. Framtidige arealplanar, lokalkunnskap, lokalbasert forvaltning

Det er etter kvart utført studiar som gjev grunnlag for å forstå meir av korleis ein kan differensiera bruk av heia i høve til å ta omsyn til viltet. Dette gjeld både geografisk og ikkje minst i tid. I framtidige arealbruksvurderingar må det vurderast kvar og når ein kan opna opp for menneskeleg aktivitet utan at det er tilskade for reinen sin bruk av leveområdet og når kompromissløyisingar ikkje er akseptable. Dette må og verta ein del av den kontinuerlege oppfylgjinga av regional plan når den er vedteken.

Ein ynskjer å byggje opp ein kunnskapsbase lokalt, basert på lokale ressursar og lokal kunnskap i saman med "autorisert" kunnskap. Føremålet bør vera å byggje opp kompetanse lokalt, på "botnplanet" for å auke kunnskapen og ansvarskjensla, engasjementet og utviklinga til bygdene knytt til heiane.

Framtidsverkstadane til Vasstrøm (2010) syner at innbyggjarane har eit ynskje om å skape arenaer for dialog med styresmakter, forskingsmiljø og andre interesser. Vidare kjem det fram at ein ynskjer å involvere unge i heieforvaltninga, og auke informasjonen om villreinen og bruken av heiane, både mellom innbyggjarane, hyttefolk og turistar. På den måten vil ein også skape ansvar.

Temaet villrein og setesdalssamfunnet kan vere tema for eiga forskning. Eit forskingsprosjekt gjennom eit lokalt basert kunnskapscenter, knytt opp til universitetsmiljø/forskingsmiljø, bør utgreiast.

9.17. Heieveggar og brøyting av heieveggar

Brokke-Suleskardvegen er førebels berre sommarveg, med opningstid mellom medio mai og 1. nov. Tidsreguleringa har med omsynet til villreinen å gjere, på våren er dyra på trekk nordover på tvers av vegen til kalveplassar.

Kommunane har arbeidd med studiar for etablering eit heilårssamband, m.a. ved å byggje vegen om på enkelte plassar for lettare vintervedlikehald og for å skjerme villreinen ved bygging av tunnelar. Planane er ikkje lagde vekk og

må påreknast som reelle freistnadar for å få kommunikasjonsåre mellom Rogaland og Setesdal/Telemark. Ein regional plan må take høgde for slik ferdselåre.

B-S-vegen vert i dag brøytt vestover til Jarnsverk. Valle kommune har vurdert brøyting av vegen til Myklevatn, ei strekning på 7-8 km. På den måten ville 2-300 hytter kunne får heilårsveg. Regional plan må ta høgde for slikt vintervedlikehald.

I Bygland kommune er det bygt heie- og skogsbilveggar i stort omfang og desse må ein regional plan ta høgde for at skal kunna vintervedlikehaldast. Vegsamband vestover mot Åseral /Bortelid må også ein regional plan skape rom for å kunne realisere.

9.18. Bygging av småkraftverk

Kommunane har eit potensial for utbygging av småkraft i eit stort omfang. Kor mange GWh som kan vere eigna for småskala utbygging er ikkje enno kartlagt, men ein regional plan må taka omsyn til at mykje av det potensialet som ligg i sideelvene til Otra må kunna nyttast.

9.19. Det vidare planarbeidet fram mot endeleg plan

Gjennom innspel kan dei berørte påverke planprosess og planutforming. Fasen er svært viktig for dei som vert planlagt, og den er minst like viktig for dei som planlegg. Skal ein kunna få ein god og omforeint plan må synspunkta frå dei som vert berørt kome tidleg på planbordet. I det ljuset er det sett av for liten tid til god lokal medverknad og prosess. 4-6 mnd. Skulle ha vore avsett til slikt lokalt mobiliseringsarbeid og politisk behandling.

For å skape respekt for innspelsfasen bør det i planverket som vert presentert vere lett å kjenne seg att i det som vert forma som det framtidige plandokumentet. For å sikre slikt høve til lokal gjenkjenning må det setjast av tid til ein mellomfase flør høyringsfasen der lokalsamfunna før høve til å

drøfte eit førebels utkast til regional plan. Det må i ein slik situasjon setjast av tid til tilbakemelding til plansekretariatet/styringsgruppe.

Høyringsfasen må vere så vidt romsleg at det vert avsett tid til lokale presentasjonar og det må samstundes presenterast kompetent konsekvensutgreiing som del av høyringsdokumentet.

Prosesen er no i stor grad redusert til å setje grenser på kartet – og lite til bygdeutvikling, slik Planprogrammet legg opp til. Kan hende det er best slik. Difor treng og kommunane eit **BYGDEUTVIKLINGSSONE** der reell lokal vedtaksmynde ligg.

Kjelder:

Sickel, H., Svalheim, E. 2010. *Seterlandskapet - der fjell og skog møtes. Samarbeidsrådet for biologisk mangfald.*

Bjåen, R. 2009. *Bli kjent med heiane. Setesdal-Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde.* ISBN 978-82-91495-50-7.

Rekdal, Y., Angeloff, M. 2007. *Vegetasjon og beite i Setesdal Vesthei. Oppdragsrapport frå Skog og Landskap 08/2007.*

Puschmann, O., Hofsten, J., Elgersma, A. 1999. *Norske jordbrukslandskap. En inndeling i 10 jordbruksregioner. NIJOS-rapport 13/1999.*

Gjerden, K. 1988. *Tamreindrift i øvre Setesdal frå 1886 til 1978.*

Fosstveit, T., Gjerden, K. *Folk og fjell. Daglegliv på fjellviddene i Hardanger, Telemark og Setesdal.* 1989. Det Norske Samlaget. ISBN 82-521-3434-3

Lønning, D.J. 2002. *Lokal kultur / kunnskap som grunnlag for næringsutvikling. I:LØF*

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2008/mai-08/kulturlandskap-forslag-til-utvalgte-jord.html?id=512607>

<http://www.villrein.no>

Svalheim, E.J., Jansen, L.B. 2002. *Stølslandskapet på indre Agder. Prosjektrapport. FMAA.*

Bjåen, R. *Rygjasau og spælsau. Aktivitet og beitebruk hjå sau i Setesdal-Ryfylkeheiane.*

Bay, L.A. 1994. *Inngrep og forstyrningar i sentrale deler av Setesdal – Ryfylke villreinområde. Ei konsekvensutgreiing for villreinen i høve til framtidig arealbruk. Miljørapport nr. 4. 66 s.*

Vasstrøm, M. 2010. *Lokale prosesser i Heiplanen. Arbeidsrapport. Det gode liv for Villrein og Mennesker i Setesdal – nå og i fremtiden. Skov & Landskap, LIFE, Københavns Universitet*

Munnlege kjelder:

Bjåen, Sigurd. 2010.